



ÅRSRAPPORT 2011

MØRE BISKOP

MØRE BISPEDØMERÅD



Biletet på framsida:
Trusopplæringsprest Inger Marie Jakobsen Sylte pyntar alteret i Tresfjord kyrkje saman med barn som er med i trusopplæringa.

Foto: Inger Marie Jakobsen Sylte.

INNHALD

1	SITUASJONEN I MØRE BISPEDØME	
1.1	Tilstandsvurdering, strategiar og utfordringar	7

2	KYRKJELEG SEKTOR	
2.1	Demokratireformen	11
2.2	Trusopplæring	19
2.3	Gudstenesteliv og kyrkjemusikk	25
2.4	Lokalt FoU-arbeid	31
2.5	Misjon og økumenikk	33
2.6	Diakoni	37
2.7	Kultur	41

3	PRESTETENESTA	
3.1	Prestedekning og rekruttering	45
3.2	Lokalt tilpassa presteneste	51
3.3	Kompetanseutvikling	53
3.4	Kjønnsfordeling i presteskapet	55
3.5	Arbeidsmiljø og arbeidstid	59
3.6	Leing og samvirke i prestenesta	62

4	MØRE I 2011 – FRIDYKK I TRE TEMA	
4.1	Revisjon av gudstenestetalet i alle kyrkjer og gudstenestestader	67
4.2	Kyrkja si rolle i regionalt og lokalt beredskapsarbeid	70
4.3	Kvinner i presteneste i Møre «Kven kan seia nei til Gud?»	73

5	GJENNOMGÅANDE KRAV	
5.1	Inkluderande arbeidsliv	77
5.2	Brukarundersøkjingar	79
5.3	Lærlingar i staten	79
5.4	Statistikk for tal på arbeidsplassar	79
5.5	Tilgjengelege offentlege data for verksemda	80
5.6	IKT-tryggleik	80
5.7	Evalueringar	81
5.8	Samisk språk	81
5.9	Likestilling	81

6	VEDLEGG	
6.1	Biskopens tenestefunksjonar 2011	86
6.2	Personendringar i presteskapet	89
6.3	Personendringar ved bispedømekontoret	90
6.4	Bispedømerådsmøte	91
6.5	Medlemer av Møre bispedømeråd, utval m.v.	91
6.6	Forvaltningssaker etter Kyrkjelova og Gravferdslova	94
6.7	Tilskotsforvaltning	95
6.8	Rekneskapssamandrag kap 1590/4590 og 1591/4591	96

Kjære lesar!

Møre bispedøme og Møre biskop har tilsaman ansvar for om lag 100 tilsette og forvaltar 90 mill kr tildelt via statsbudsjettet. Bispedømet er underlagt lover og reglar som gjeld for offentlig forvaltning og skal gjere greie for mål og resultat til kyrkjelege og statlege instansar. Bispedømet skal også halde seg til styringssignal gjevne av Storting, departement og Kyrkjemøte og står under kontroll av Riksrevisjonen.

Årsrapporten du no held i handa eller les elektronisk skal støtte krava som er sette av departementet. For oss er årsrapporten også eit resultat av ein prosess i ein lærande organisasjon. Vi ønskjer å halde fram det vi som bispedøme lukkast med, men ønsker og å vere opne på det som utfordrer. Til deg som lesar inviterer vi til å gi oss innspel og kommentarar til moere. bdr@kirken.no.


Takk til prostar og kvar enkelt medarbeidar på bispedømekontoret for faglege innspel og refleksjonar! Dei er viktige bidrag til å nå dei måla vi står saman om.

Takk til sokneråd og fellesråd, tilsette og frivillige som kvar dag står midt i kyrkja sitt oppdrag og visjon! Vi ønskjer trygge medarbeidarar som ser kvarandre og som tek del med nådegåver, evner og fagkunnskap.

Om du ønsker å vite meir, kan du og sjå
-KIFO – tilstandsrapport for Den norske kyrkja – 2011 – www.kifo.no
-SSB – statistisk materiale for Den norske kyrkja – www.ssb.no
-NSD – meir statistikk også ut frå rekneskapstal – www.nsd.no
-Møre bispedøme sin heimeside – www.kirken.no/moere

På vegne av Møre bispedømeråd og Møre biskop

Bjørn Olaf Storhaug
-Stiftsdirektør -



1 SITUASJONEN I MØRE BISPEDØME

- ei tilstandsvurdering

1.1 Tilstandsvurdering, strategiar og utfordringar

MÅL

«Den norske kirke skal være en landsdekkende, lokalt forankret kirke, som inviterer mennesker i alle aldre og livssituasjoner til tro og fellesskap. Kirken skal bidra til å styrke lokalsamfunn, målbære menneskeverdet og utfordre til solidaritet. Bevilgningene under kapitlet skal understøtte Kirkemøtets mål for Den norske kirke som en bekjennende, misjonerende, tjenende og åpen folkekirke.» (FAD)

STYRINGSPARAMETER

Oppslutninga om Den norske kyrkja (medlemer, gudstenester, kyrkjelege handlingar mv.)

RESULTATINDIKATORAR

Bispedømeråda må under dette hovudmålet sjøve definere kva for talmateriale og indikatorar som er eigna til å vise resultatoppnåing i lys av hovudmålet. Omtalen kan gjerne bli knytta til ei generell tilstandsvurdering.

Møre bispedøme er geografisk samanfallande med Møre og Romsdal fylke og har 250.000 innbyggjarar. 86,3% av befolkninga er medlemer av Den norske kyrkja. 6,8 % av all gudstenestedeltaking, dåp og konfirmasjonar i Den norske kyrkja skjer i Møre trass i at 5,1% av folket i Noreg bur her. (Tal frå KIFO sin tilstandsrapport for 2011).

Møre fekk tidleg eit «kristent stempel» på seg. Det skjedde lenge før bispetet vart lagt til Molde, ja endåtil Bjørgvin eller Nidaros. Kulisteinen på Smøla er rekna som eit av dei tidlegaste skriftlege teikna på kristendomens innpass i landet vårt: "Tolv vintrar hadde kristendomen vore i Noreg". I Møre har framleis tru og kyrkje ein sentral plass.

2011 blei prega av målretta arbeid med store saker. Nokre saker vart slutførte, andre la grunnlag for arbeidet i året og åra som kjem. Vi nemner rekruttering av prestar, feiring av 50 år med kvinner i presteneste, feiring av den nye bibelomsetjinga, visjonsdokument for Møre bispedøme og forordning av gudstenester i alle sokn. I tillegg blei samarbeidet vårt med andre instansar gjennom krise- og beredskapsarbeidet sett på prøve gjennom ekstremt uver, brann ombord i Hurtigruta og ikkje minst etter terroren 22. juli.

Vi har lagt eit krevjande år bak oss. Vi gjekk inn i 2011 med mange ledige prestestillingar, eit økonomisk meirforbruk frå tidlegare år og nokre tunge personalsaker, men alt dette har fått ei løysing. Det er difor ei stor glede for oss at 12 nye prestar starta i fast stilling i 2011 og heile 10 av desse



50 år med kvinner i presteteneste

var nye i bispedømet. Utviklinga har gått frå at vi ofte hadde éin søkjar til fleire stillingar til at vi ved siste årsskiftet har fleire søkjarar til ei stilling. Det er i ferd med å skje eit generasjonsskifte som vi vonar vil halde fram dei næraste åra.

Feiringa av 50 år med kvinner i presteteneste var også eit viktig, strategisk tiltak med omsyn til rekruttering av både kvinner og menn. Vi feira med fest-gudsteneste der ordinerte kvinner og menn stod skulder ved skulder. Vi feira VÅRT KALL – som er heile kyrkja sitt kall – med å dele vår eigen veg til eit liv i tru og teneste, for gjennom det å gi hjelp til andre til å finne sin veg. Dette er reflektert inn i jubileumsheftet om kvinner og presteteneste i Møre.

Eit dagsseminar for kvinner blei og ein viktig del av feiringa. For første gong opplevde dei ordinerte kvinnene i Møre at dei er mange. I Møre bispedøme si korte historie har så langt 29 ordinerte kvinner gjort teneste. No er det 20 ordinerte kvinner inkludert dei 3 pensjonistane. Statistisk i høve til heile landet ligg Møre framleis blant dei to lavaste, men i vårt bispedøme er auken tydeleg.

Framleis har vi nokre område som er utan fast tilsett prest. Vi har arbeid med å få betre oversyn over alle ordinerte som er busette i Møre. Dette vil vi også leggje vekt på i året som kjem. Det kan tenkjast at vi har fleire å trekkje vekslar på enn vi er klar over, og det vil være særskilt viktig ut frå kyrkjelydane sitt behov for jamleg å samlast til gudsteneste.

Forordning av gudstenester

I løpet av 2011 er biskopen si gudstenesteforordning for alle kyrkjer og gudstenestestader gått gjennom og fornya. Det er no forordna 3860 gudstenester pr år i Møre, om lag som det totale gudstenestetallet for 2010. For nokre kyrkjelydar har det blitt ein smerteleg reduksjon, sjølv om det no er forordna ein del kvardagsgudstenester. 16,6% av alle forordna gudstenester skal no skje på kvardagar.

Forordningane blir for framtida revurdert i samband med kvar visitas og elles som følgje av nødvendig omfordeling av presteressursar. Forordning av og meir bruk av kvardagsgudstenester opnar opp for involvering av andre grupper av kyrkja sine medlemmer enn dei vi tradisjonelt har samarbeida med. Talet på gudstenester har dei seinare åra gått ned ut frå omsyn til fleire faktorar, men nattverdeltakinga aukar.

Kyrkja i Møre hadde sin naturlege plass i det offentlege romet og i folk sitt medvit då ulukker, naturkatastrofar og ikkje minst terror ramma. Folk har stadfesta kyrkja si rolle når livet blir trua. Folk har stadfesta at dei høyrer til gjennom den høgste valdeltakinga i landet under kyrkjevalet. Vårt ansvar er framleis å stadfeste folket sin naturlege plass i kyrkja. Visjonen for arbeidet vårt er: «I Kristus – nær livet. - Rause fellesskap som utfordrar til tru og teneste gjennom gudsteneste, kyrkjemusikk og kultur, misjon, diakoni og trusopplæring.» Gjennom alt dette blir kyrkja styrkt som ei tydeleg folkekyrkje.

Endringar i busetting og folketal

Møre er eit område med tydelege endringar i busetjingsmønsteret. Aukinga i byene og bygdebyene er betydeleg. Dei geografiske og kommunikasjonsmessige tilhøva gjer det krevjande å styrkje prestaten utan radikale endringar nokre stader. Små sokn ønskjer ikkje å slå seg saman fordi dei er redde for at kyrkja sitt nærvær lokalt vil bli svekka. Det er ei utfordring for oss. Det er difor spennande å sjå kva for erfaringar samanslåinga av fem fellestråd i Austre Sunnmøre prosti vil gi.

Folketalet i Møre og Romsdal har auka med 6 % dei siste 20 åra. Ei middels folketalsutvikling dei neste 20 åra vil i Møre og Romsdal gje eit folketal på nærare 300.000 innbyggjarar, eller ein vekst på 20 %.

Ein nærare gjennomgang visar at endringane i folketal varierer mykje innafor fylket. Den største auken skjer i byar, i kommunar i nærleiken av byar og i bygdebyar. Til dømes har befolkningsauken for nokre kommunar dei siste 20 år (neste 20 år i parentes) vore i Molde 12% (20%), Ålesund 21,6% (29,4%), Sykkylven 11,2% (13,2%), Giske 15,2% (31,7%), Skodje 22,1% (48,1%) og Ulstein 34,7% (54,1%). Både prosentar og dei reelle tala er høge i desse døma. Desse kommunane har åleine ein befolkningsauke på om lag 20.000 innbyggjarar dei siste 20 åra. Det er ein trend som truleg vil halde fram. Dei neste 20 åra vil hovudmengda av befolkningsauken i Møre og Romsdal kome i desse kommunane.

Nokre kommunar er stabile i folketal, men nokre har og ein nedgang. Dette er i hovudsak dei mindre kommunane utan by eller bygdeby som nabo. Dei siste 20 åra (dei neste 20 åra i parentes) har folketalsutviklinga vore til dømes i Vanylven og Sande -17% (0%), Norddal -15% (-2%), Tingvoll -12% (0%), Halså -28% (0%), Aure -10% (+2%) og Smøla -26% (-2%).

I ein periode utan nye presteressursar kan ein tenkje at ei slik endring i folketallet bør føre til ei flytting av prestar frå kommunar med negativ folketalsutvikling til kommunar med positiv folketalsutvikling. Det er fleire utfordringar med ei slik tenking:

Fordeling av preste- ressursar

- 1) Sjølv om reduksjonen i folketal i prosent er stor, er den faktiske reduksjonen likevel låg og kan ikkje dekkje inn for den faktiske endringa kommunar med auka folketal.
- 2) Talet på prestar i område med svak folketalutvikling er låg allereie, og reisetida for dei prestestillingane som blir igjen, vil bli svært lang.
- 3) Møre og Romsdal er, trass i store samferdsleprosjekt, eit fjord- og ferjefylke med naturleg avgrensa arbeidsområde for prestane. Vi ser at rekrutteringa er vanskelegare i dei prostia der avstandane, inkludert ferjer og snøggåtar, er stor og der ein større del av tenesta vil gå med til planlegging/reising.
- 4) Ein reduksjon i presteressursar som følgje av folketalsnedgang kan løysast med deltidsstillingar, men vår røynsle er at det er vanskeleg å rekruttere til slike stillingar. Vi kan sjå for oss ei framtidsutvikling der

IKT og kommunikasjon

deltids prestestillingar blir kombinerte med deltidsstillingar innafør trusopplæring, undervisning eller andre fagområde.

Ei viktig hjelp til å vere ei tenande og open folkekyrkje er å ha ein IKT-strategi for framtida. Éin strategi for intern informasjon, kommunikasjon og samvirke for tilsette og rådsorgan. Ein annan strategi for informasjon og kommunikasjon med kyrkja sine medlemmer. Vi er inne i ei tid der brukargrensesnittet blir endra frå stasjonære- og programbaserte einingar til mobile og nettskybaserte program og applikasjonar. Informasjon og data vil i større grad bli tilgjengeleg og vil bli henta av brukarane på det tidspunktet og i den forma som den enkelte ser som relevant. Mengda av data, ulike plattformer, komplekse format og krav til hastigheit fører til at det er vanskelegare å handtere dette med tradisjonell teknologi. Analyse av data (til dømes denne årsrapporten) vil endre seg frå enkle analysar til meir komplekse og samansette data som støtte for samarbeidsprosesser og grunnlag for avgjerder. Her er vi avhengige av at fleire aktørar går saman om finansiering og val av strategi. Sosiale media er førebels ikkje ein del av bispedømet sin kommunikasjonsstrategi, men fleire sokn nyttar moglegheitene som ligg her.

Det ligg føre rutinar for melding om avvik og varsling. Det er og utvikla mal for prosjektplanlegging i Møre bispedøme der vurdering av risiko er eit eige punkt.

Vi ser at biskop og bispedømeråd ved planlegging og gjennomføring av aktivitetar er del av eit større heile, og vi ser at det er viktig å ha kunnskap om dei risikovurderingar som er gjorde på sentralt nivå.

2 KYRKJELEG SEKTOR

Kap 1590 Kyrkjeleg administrasjon

2.1 Demokratireformen

MÅL

«Kirkerådet og bispedømmerådene skal tilrettelegge for at demokratireformen gjennomføres i Den norske kirke, jf kirkevalgene i 2011. Målet for demokratireformen er at kirkens organer får en sterkere demokratisk legitimitet og forankring blant kirkemedlemmene.» (FAD)

STYRINGSPARAMETER

- Etablering av reelle valalternativ
- Kyrkjeval samtidig med offentlege val
- Auka bruk av direkte val
- Forsøk med ulike valordningar til bispedømeråd/Kyrkjemøte

RESULTATINDIKATORAR

Departementet har gjeve Kyrkjerådet i oppgåve å fastsetje I rapporteringskrav og –rutiner, resultatindikatorer mv. I brev av 16.09.2011 frå Kyrkjerådet vert bispedømeråda bedne om å bruke slik tematisk inndeling når dei i sine årsrapportar evaluerer Kyrkjevalet 2011: Førebuingsfasen, kva for tiltak vart sette i verk og mogleg effekt. Informasjon, kva for tiltak vart sette i verk og mogleg effekt. Oppteljing, (stemmeregistrering) av bispedømerådsvalet, gjennomføring i høve til opplæring og ressursar. Røynsler frå kurs og opplæring, i forkant av valet for lokale valteam og i etterkant av avalet for nyvalde sokneråd.

a) Måloppnåing

Kyrkjevalet 2011 var to val: Val av nye sokneråd og val av nytt bispedømeråd/medlemer av Kyrkjemøtet. Vi vil i denne rapporten leggje størst vekt på bispedømerådsvalet, særleg det direkte valet av leke til bispedømerådet.

I Møre vart tre bispedømeådsmedlemer valde i den direkte valomgangen i september, fire vart valde indirekte av sokneråda i november.

Målet for demokratireforma er at kyrkja sine organ får ein sterkere demokratisk legitimitet og forankring mellom kyrkjemedlemene. Her følgjer ein del resultatindikatorar som vi i neste avsnitt vil bruke som ein del av grunnlaget for å vurdere måloppnåinga.

Kyrkjevalet
2011

Tabell 2.1.1:

Deltaking ved førebuingkurs for valmedarbeidarar i januar og februar

Tal deltakarar	Tal sokneråd i Møre	Tal/prosent sokneråd som var representerte
241	97	89 (92 %)

Tabell 2.1.2:

Tal innkomne forslag på kandidatar til nytt bispedømeråd

Tal forslag leke kandidatar	Tal forslag preste-kandidatar	Tal forslag leke tilsette kandidatar
21 (38 sokneråd sendt inn forslag)	3 (5 prestar sendt inn forslag)	4 (4 leke tilsette sendt inn forslag)

Tabell 2.1.3:

Tal røystestader (valkrinsar) kommunevalet og kyrkevalet

Tal røystestader kom-munevalet	Tal røystestader kyrkjevalet
244 (Tal frå SSB)	200 (Tal frå KIFO)

Tabell 2.1.4:

Deltaking ved direkte val av leke til bispedømerådet

Valår	Tal personar med røysterett	Tal personar som røysta	Prosent valdeltaking
2009	177 559	21 404	11,8 (Landssnitt 9,8)
2011	177 517	23 348	13,2 (Landssnitt 10,6)

Tabell 2.1.5:

Tal registrerte og forkasta røyster i direkte val av leke til bispedømerådet

Tal godkjende røyster	20 888 (89,5 %)
Tal forkasta røyster, blanke	1 829 (7,8 %)
Tal forkasta røyster, ikkje lesbare	631 (2,7 %)
Sum røyster	23 348 (100 %)

Tabell 2.1.6:

Deltaking ved val til sokneråd

Valår	Tal personar med røysterett	Tal personar som røysta	Prosent valdeltaking
2009	180 859	28 246	16,8 (Landssnitt 13,1)
2011	177 870	30 882	17,4 (Landssnitt 13,4)

Tabell 2.1.7:

Tal registrerte og forkasta røyster ved indirekte val av leke + val av prest og lek tilsett til bispedømerådet

Leke		Prestar		Leke tilsette	
Registrerte røyster	Forkasta røyster	Registrerte røyster	Forkasta røyster	Registrerte røyster	Forkasta røyster
493	3	68	1	192	1

Tabell 2.1.8:

Registrering av røyster bispedømerådsvalet

Timebruk staben ved bispedømekontoret	Timebruk ekstert innleigde
123 timar	76 timar

Tabell 2.1.9:

Deltaking ved kurs for nyvalde sokneråd november

Tal soknerådsmedlemer i Møre	Tal/prosent soknerådsmedlemer som deltok på kurs	Tal sokneråd i Møre	Tal/prosent sokneråd som var representerte
625	467 (75 %)	97	89 (92 %)

b) Vurdering av måloppnåinga, omtale av gjennomførte tiltak I førebuingssfasen

I januar/februar var det det gjennomført prostivise kurs for «valteam» i alle sokna, dvs medarbeidarar som ville vere sentrale i førebuing og gjennomføring av vala lokalt. Målet med kursa var å gje ein god startimpuls til det lokale valarbeidet, orientere om valreglar og tidsplanar og etablere god dialog mellom bispedømerådet som regionalledd og sokna som lokalledd. Vi vil seie oss godt nøgde med deltakinga, heile 92 % av sokna var representerte. Ein del av deltakarane var kyrkjevevjerer som i tillegg dekte sokn der soknerådsmedlemer ikkje deltok på kurset. I snitt hadde kvart sokneråd 2,5 deltakarar på kurs.

Dei tre *nominasjonskomiteane for bispedømerådsvalet* hadde separate møte same dag på bispedømekontoret og fekk på bordet kandidatforslaga. Berre komiteen for leke hadde «nok» kandidatforslag (21) i forhold til talet dei skulle nominere. Bak desse 21 stod 38 sokneråd. Ingen bispedømer fekk inn forslag frå fleire enn 38 av sine sokneråd, så sjølv om deltakinga kunne ha vore større, må vi seie at interessa var ganske bra. Interessa for nominasjonen frå prestar og leke tilsette må seiast å vere svak. Nominasjonskomiteane utforma «aktuelle kyrkjelege spørsmål» til kandidatane. Ein kunne tenkje seg at svara på desse spørsmåla kunne påverke kven som til slutt kom på lista, men nominasjonskomiteane møttest berre denne gongen og såg aldri svara før dei vart kunngjorte saman med den endelege kandidatlista. Det må seiast å vere ein svakheit at ordningane

Nominasjon av bispedømeråds-kandidatar

ikkje føreskriv ei anna rekkjefølgje i dette, sjølv om det ville vere fullt gjennomførbart å ha to møte i nominasjonskomiteane.

Ved den supplerande nominasjonen kom det til to nye leke kandidatlar slik at lista i Møre fekk 20 namn. Vi reknar dette for å vere eit teikn på godt, lokalt kyrkjedemokratisk engasjement. Det var ein heil del arbeid å gå gjennom underskriftslistene for å sikre at dei fylte dei formelle krava, men det var god margin for begge kandidatane. I 2009 var det ingen kandidatlar som kom til ved supplerande nominasjon i Møre.

Snittalderen på kandidatane var 49 år, det var 10 kvinner og 10 menn med god geografisk fordeling i bispedømet. 6 av kandidatane var bispedømerådsmedlemmer som stilte til attval.

Informasjon

Dette vil truleg vere det punktet som vil bli diskutert mest i etterkant av valet, - sett i lys av både valdeltakinga og i lys av dei mange forkasta røystene. Både Kyrkjerådet, bispedømeråda, kyrkjelydane og kandidatane var aktørar i informasjonsarbeidet omkring kyrkjevalet. Når det gjeld bispedømerådsvalet har vi ikkje statistisk grunnlag for å måle effekten av dei ulike tiltaka som vi som bispedømeråd sette inn, men vi kan gjere greie for sjølve tiltaka.

Kandidat- presentasjon

Kandidatpresentasjonen var lagt ut på *heimesidene* til www.kirken.no og www.kirken.no/more. Begge stadene var det med full presentasjon med bilete, namn, alder, yrke, sokn, kyrkjelege verv, andre verv, viktige satsingsområde og svar på alle spørsmåla om kandidatane sitt syn på aktuelle kyrkjelege spørsmål.

Valstoff i kyrkjeblada

Vi laga og ein firesiders *presentasjonsbrosjyre* i fargar med same innhaldet, berre at vi tok med svara berre på tre av kandidatspørsmåla. Det siste på grunn av at for stor stoffmengde kunne verke demotiverande på den lesande veljaren. Brosjyren var trykt i 24 000 eksemplar og spreidd via fellelråda til sokna. I følgjeskriv bad vi om at presentasjonen måtte bli lagt ut i kyrkjer, på kyrkjekontor, i kyrkjelydshus og liknande, forutan at vi heldt fram som svært viktig at den måtte vere tilgjengeleg i alle vallokala. Det er vanskeleg å kontrollere kor god spreininga vart, vi har indikasjonar på at den ikkje alltid var så god som ein kunne håpe. Det hadde vore meir effektivt med husstands-utdeling via postverket, men såpass stor kostnad kunne vi ikkje ta. Vi satsa denne gongen mykje på å få *kyrkjeblada* i Møre til å trykke presentasjonen av bispedømerådskandidatane. Vi var i direkte kontakt med alle kyrkjeblada og sendte trykkeklar PDF-fil som kunne takast rett inn. Vi dekte også meirkostnadane som blada fekk pga auka sidetal mv. So langt vi kan sjå nådde vi ut i 55 sokn (av 97) via kyrkjeblada, ei god spreining med tanke på at kyrkjeblada stort sett vert distribuerte til alle husstader. Nokre sokn utan kyrkjeblad har avtale med lokalavisa om ei kyrkjeside til faste tider. Fleire sa dei ville presentere bispedømerådskandidatane der, men vi har ikkje kunnskap om korleis det vart.



11. og 12. september

Høgaste val- deltaking i landet

Vi sendte i løpet av året stoff til *media* i Møre etter ei e-postliste med 40 adressatar, i alt 5 pressemeldingar med kandidatstoff og to andre artiklar. Dette hadde eit visst gjennomslag, men vi veit ikkje kor mykje. Vi etablerte kontakt med ein medierådgjevar som utarbeidde ein medieplan, som gav mange konkrete tips og som las gjennom mykje av stoffet vårt før det gjekk ut. Pga kapasitetsproblem kunne vi berre delvis følgje medieplanen, men vi hadde likevel stor hjelp både av planen og oppfølginga.

Rett før valdagen i september sendte vi innlegg til dei tre store avisene i fylket med fokus på korleis veljaren skulle bruke røystesetelen i Kyrkjevalet, altså rein hjelp til korleis ein skulle markere sine preferanser på setelen. Diverre vart dette ikkje teke inn i nokon av avisene.

Kyrkjerådet la til rette for bruk av *Facebook*, dette fekk vi ikkje følgd opp frå bispedømerådet, men tre av kandidatane etablerte eiga Facebookside knytta til valet.

To kandidatar presenterte seg i Molde by ved utdeling av valmateriell i hovudgata og dei tok også initiativ til å presentere nokre av kandidatane i ei samling etter ei gudsteneste. Andre kandidatar var aktive i høve til lokalaviser og radio.

Valgjennomføring, deltaking og oppteljing

Det direkte valet av leke medlemmer til bispedømerådet (og soknerådsvalet) var gjennomført på same datoar som kommunevalet (11. og 12. september) med målsetting om å desentralisere kyrkjevalet til like mange valkrinsar som kommunevalet og med tilnærma same opningstider i vallokala som dette. Ein ønskte ved dette å auke deltakinga ved dei kyrkjelege vala.

Kommunevalet i Møre og Romsdal (geografisk likt med Møre bispedøme) var gjennomført med 244 valkrinsar. Det er svært bra at kyrkja med sine meir avgrensa ressursar greidde å desentralisere sitt val til 200 valkrinsar, dvs at Kyrkjevalet i Møre hadde berre 18 % færre valkrinsar enn kommunevalet. Det ligg ikkje føre noko systematisk samanlikning av opningstidene, men det er eit gjennomgåande inntrykk at svært mange hadde like eller tilnærma like opningstider som kommunevalet. Vår vurdering er at Kyrkjevalet tente på samordninga med kommunevalet, - når ein var møtt fram for å røyste ved kommunevalet kunne ein like gjerne også røyste ved Kyrkjevalet.

Valdeltakinga ved bispedømerådsvalet i Møre gjekk opp med 1,4 %-poeng frå 2009 til 2011. Med ein deltakingsprosent på 13,2 ligg Møre høgast av bispedøma. Vi trur årsaken er eit generelt breitt kyrkjeleg engasjement, godt lokalt valarbeid og at informasjons-tiltaka har hatt ein effekt. Deltakinga ved soknerådsvalet var høgare, av dei som røysta ved soknerådsvalet lot 7 500 vere å delta i bispedømerådsvalet. Årsaka er truleg at bispedømerådet vert opplevd som meir fjernt og uaktuelt og at det var meir krevjande å velje mellom 20 kandidatar.



Ved bispedømerådsvalet var 1 829 røyster blanke (7,8 %) og 631 røyster let seg ikkje tyde (2,7 %). Alle desse vart forkasta, dvs at totalt 10,5 % av røystene i Møre vart forkasta. Det er over landssnittet som var på 9,2 % forkasta røyster. Ved valet i 2009 vart tilsaman 6 % av røystene i Møre forkasta. At så mange røyster ikkje kunne bli rekna med ved valet i 2011 er både overraskande og alvorleg. Ein trudde at handteringa av røystesetelen ville vere enklare denne gongen enn for to år sidan (Tal i staden for avkryssing). Svært mange har ikkje fått med seg instruksjonen øvst på røystesetelen om at ingen markeringar ville føre til at setelen vart forkasta. Vi veit at mange valfunksjonærar under valet brukte energi på å forklare framgangsmåten for veljarane, men det har truleg ikkje fungert likt alle stader. Vi bør og erkjenne at det er for krevjande å gjere det rett når det er to kyrkjeval samstundes med to ulike valordningar. Ein røystesetel utan markeringar ved soknerådsvalet vart ikkje forkasta. Når det gjeld informasjonsarbeidet på førehand var det ikkje tilstrekkeleg å fokusere på kandidatane, vi burde og ha fokusert på «kva ein skal gjere med røystesetelen.»

Når det gjeld det indirekte valet som var gjennomført av sokneråda i november, røysta 79 % av soknerådsmedlemene og berre tre einskildrøyster vart forkasta. Det er grunn til å tru at i denne valomgangen hadde dei som røysta betre kjennskap til kandidatane og i alle fall betre tid og høve til å setje seg inn i kandidatpresentasjonen. Som følgje av det høge antallet forkasta stemmer i første valomgang er vi tilfredse med at det var to ulike valomgangar.

Registreringa av røystene var denne gongen desentralisert til bispedøma. Det var ganske arbeidskrevjande med så mykje manuell registrering, vel 25 dagsverk gjekk med. Teknisk sett gav registreringa få problem. Vi meiner at ein seinare bør vurdere optisk lesing av røystesetlane. Ved soknerådsvalet låg deltakinga i Møre på 17,4 %, det er høgast i landet. Samanlikna med 2009 er det ei auke på 0,6 %-poeng, altså mindre enn halvparten av auken ved bispedømerådsvalet.

c) Endringar i strategiar og tiltak

KIFO har gjennomført ei brei evaluering av demokratireformen og Kyrkjevalet. Den vil vere viktig for kyrkja sine vidare vegvalg for å skape demokratisk legitimitet og forankring mellom kyrkjemedlemene. For vår del vil vi supplere med tillegg:

Evaluering

- Det beste «førebuande valarbeidet» er at bispedømerådet gjer seg meir gjeldande i bispedømet, at det blir kjend og lagt merke til gjennom perioden. Kyrkjemedlemene veit svært lite om bispedømerådet, dei har ikkje høyrte om det, det er ganske usynleg. Bispedømerådet bør difor meir på banen, til dømes i media i samband med Kyrkjemøta. Kyrkja har primært identitet i det teologiske og trusmessige, ikkje som samfunnsaktør. Slik skal det vere. Men dersom bispedømerådet og kyrkjelydane meir vart synlege som kyrkje i kvardagssamfunnet, ville det på sikt auke både forankring og valdeltaking mellom kyrkjemedlemene.

- Bispedømerådet kan ta initiativ til møteplassar eller folkemøter der kandidatar i forkant av valet får høve til presentere seg sjølve.
- Reglane for val av bispedømeråd må bli endra. Røynslene har vist at prøveordningane fungerte for dårleg. Preferanseval med alfabetiske lister gav ikkje det ønska resultatet. Talet på forkasta røyster er eit demokratisk problem.
- Kyrkja bør fram til ei valordning som er mest mogleg lik for soknerådsval og bispedømerådsval.
- Ordninga med supplerande nominasjon er lite kjent og rettleiinga i høve til dette må styrkast.
- Utsending av vallister, gjerne saman med valkortet.
- Det er gjort mykje for å få ungdom inn som medlemmer av bispedømerådet. Dette er vellukka, men kor er dei over 70?

Trass i alt ser vi at valdeltakinga ved bispedømerådvalet i Møre kom opp i 13,2 %. Deltakinga ved soknerådvalet kom opp i 17,4 %, det er nær ei tredobling samanlikna med valet i 2005, før forsøka i demokratireformen. Vi meiner difor at kyrkja i Møre er på rett veg når det gjeld demokratisk legitimitet og forankring hos kyrkjemedlemene.

d) Risikovurderingar

Vi gjorde ikkje vurdering av risikoen for at veljarar kunne kome til å røyste blankt. Dette var eit diskusjonstema etter 2009-valet, og hovudtiltaket for å minske talet på blanke røyster var å endre røystesetelen frå «tippeku-pong» til ei talmarkering pr kandidat. Effekten var motsett av intensjonen. Hadde vi visst det på førehand, er det fleire tiltak vi kunne ha tenkt oss å ha sett inn.


Ei hovudsak ved demokratireformen var å auke deltakinga ved Kyrkjevala. Vi gjorde ei vurdering av risikoen for at valdeltakinga i 2011 kunne bli lågare eller lik valdeltakinga i 2009.

e) Gjennomføring av Kyrkjevalet 2011 i Møre, ei risikoanalyse

	+	-
Internt	<p>Styrker</p> <ol style="list-style-type: none"> 1 Regelverket, Valhandboka og Kyrkjevalsidene på Internett er forbetra samanlikna med 2009 2 Valmodulen og medlemsregisteret er av betre kvalitet enn sist 3 Bispedømerådet har fersk røynsle med å gjennomføre Kyrkjeval 4 Bispedømerådet mottok løyving for å gjennomføre oppgåvene 5 Det er vilje i organisasjonen til å ta felles ansvar 	<p>Svakheter</p> <ol style="list-style-type: none"> 10 Regelverket er komplisert 11 Tidsfristane er knappe og fleire prosessar må gå parallellt 12 Det er ikkje ekstra kapasitet i staben

	+	-
Eksternt	Muligheter	Trusler
	6 Sokna har har fersk røynsle med å gjennomføre Kyrkjeval	13 Det er ein slitasje i at det så kort tid mellom vala
	7 Sokna vert tilbydd kurs, infomateriell og direkte rettleiing	14 Det er utfordrande å finne kandidatar og valmedarbeidarar
	8 Kommunane er positive til samarbeid og tilrettelegging	15 Dei valansvarlege må handtere ei stor informasjonsmengd, halde fristar og gjere rett etter valreglane
	9 Infotiltaka vert understøtta av sentral kampanje	16 Det er krevjande å nå fram med informasjon i det offentlege rom

Vekting av risiko



Oppfølging av risiko (Svakheter og trusler)

Risikoområde	Vekting	Tiltak
Punkt 10	4	Bruke tilgjengeleg skriftleg info aktivt, bruke KR sine valmedarbeidarar og valsamlingane aktivt
Punkt 11	3	Planleggje i god tid, nedprioritere andre oppgåver enn valet
Punkt 12	6	Oppgåver må bli omfordelte frå valansvarleg til andre i staben
Punkt 13	2	Motivere og støtte dei lokale valansvarlege, halde kurs
Punkt 14	9	Planleggje gode rekrutteringstiltak og starte i god tid. Satse på «gjenbruk»
Punkt 15	6	Vere godt tilgjengeleg via teleon og e-post for spørsmål og info
Punkt 16	6	Satse på lokalavisene og sosiale media. Bruke kyrkjeblada aktivt, trykke informasjonsmateriell

2.2 Trusopplæring

MÅL	«Kirkerådet og bispedømmerådene skal tilrettelegge for at trosopplæringsreformen innarbeides i menighetene. Målet er et systematisk og sammenhengende tilbud om trosopplæring for alle døpte fram til fylte 18 år, med et opplæringstilbud på 315 timer som veiledende norm for den enkelte.» (FAD)
STYRINGSPARAMETER	<ul style="list-style-type: none"> - Utbreiing av trosopplæringsreforma i bispedømet - Omfanget av opplæringstilbodet i kyrkjelydane - Oppslutninga om opplæringstilbodet
RESULTATINDIKATORAR	<ul style="list-style-type: none"> - Tal sokn som har fått tilført trosopplæringsmidlar i 2011 - Gjennomsnittleg tal timar opplæringstilbod i kyrkjelydar som er i gjennomføringsfasen - Gjennomsnittleg deltaking ved eit utval trosopplæringstilbod i dei kyrkjelydane som er i gjennomføringsfasen - Eigendefinerte resultatindikatorar

INNLEIING

I rapporteringa er det lagt vekt på arbeid med trosopplæringsreforma. Fagfeltet kyrkjeleg undervisning, trosopplæring og ungdom er mykje større. Det er her difor ikkje teke med:

- samarbeid med skule/barnehage
- kyrkjeleg undervisningsarbeid med fokus på vaksne, frivillige og tilsette
- utvikling av ungdomsdemokratiet
- utvikling av kurs og materiell

a) Måloppnåing

Tabell 2.2.1

Utbreiing av trosopplæringsreforma i bispedømet 2011

	Prosti	Kyrkjelydar	døypte 0-18 år (tal frå 2010)
Total	7	97	48708
Tildelt midlar til gjennomføring (2008 – 2011)	4	57	27572
Tildelt midlar til prosjekt (mellomfase)		19	13395
Utan tildeling	3	21	7741

Tabell 2.2.2

Talet på kyrkjelydar i gjennomføringsfasen som gjennomførte utvalde tiltak i 2011

42 kyrkjelydar i gjennomføringsfasen (tildeling 2008-2010)	Kyrkjelydar som har gjennomført tiltaket
Dåpssamtale	39
Utdeling av 4 års- bok	40
Tiltak i 6års- fasen	32
Tårnagent	27
Lysvåken	27
Konfirmasjon	39
Breddetiltak etter konfirmasjonstiden	13

Tabell 2.2.3

Oppslutning på utval av gjennomførte tiltak i kyrkjelydane i gjennomføringsfasen i 2011

42 kyrkjelydar i gjennomføringsfasen (tildeling 2008-2010)	Døypte i målgruppa	Frammøtte	Oppslutning
Dåpssamtale	1250	1178	94 %
Utdeling av 4 års- bok	1205	810	67 %
Tiltak i 6års- fasen	976	510	52 %
Tårnagent	971	433	45 %
Lysvåken	830	445	54 %
Konfirmasjon	1725	1598	93 %
Breddetiltak etter konfirmasjonstiden	120	53	44 %
Sum:	8554	5637	71 %

Gjennomsnitt trusopplæringstimar

I kyrkjelydane i gjennomføringsfasen (2008-2010) blir det gjennomsnittleg tilbuddt tiltak med 245 timar per døypt 0-18år.

b) Vurdering av måloppnåinga, omtale av gjennomførte tiltak Utbreiing av trusopplæring i bispedømet

Trusopplæringsreforma har fått godt fotfeste i Møre bispedøme. 4 av 7 prosti med 57 av 97 kyrkjelydar er i gjennomføringsfasen, 19 kyrkjelydar er mottakar av tilskot i mellomfasen, 21 kyrkjelydar er ikkje tilskotsmottakarar.

Det er god framdrift i arbeid med å lage trusopplæringsplanar. 29 kyrkjelydar i 2 prosti har lagt sine trusopplæringsplaner fram for biskopen til godkjenning.

Kyrkjelydane som ventar på å få tildelt midlar, er utolmodige no. Dei ønskjer også å byggje ut sitt trusopplæringsarbeid. Mange av desse prøver

*Trusopplæringa
har fått godt
fotfeste*

ut nokre nye tiltak også utan tildelte midlar, men ein ser fort at arbeidet blir omfattande og ein er avhengig av friske midlar for å kunne nå måla med reforma.

Breddetiltak

Utvikling og implementering av breddetiltak

Tilbodet på trusopplæringstimar blir systematisk utbygd. Det er godt å sjå at mange kyrkjelydar framleis utviklar og prøver ut nye tiltak for å nå ut til breidda av dei døypte. Opp til 5 år skjer trusopplæringa i tett kontakt med heimen, og det å ha god og jamn kontakt med foreldra er den viktigaste suksessfaktoren. Dåpssamtalen spelar ei nøkkelrolle. Oppfølging etter dåpen med babysong, småbarnssong, gudsteneste for småbarnsfamiliar og utsending av dåpsdagshelsingar og materiell er godt innarbeidd.

Også i 6 – 8 års-alderen har det blitt fleire nye tiltak med god oppslutning. Mange av Bibelens kjernetekster og grunnleggjande kunnskap om kyrkja sin tradisjon og tru blir formidla i desse tiltaka. Borna si undring, livserfaring og praktisering av tru er blitt lagt meir vekt på.

I fasen før konfirmasjonstida er det også fleire tilbod, men ikkje like mange som for dei yngre. Mange born i aldersgruppa 9-13 år er veldig aktive i idretts-, musikk- og lagsarbeid. Ein kjenner på tidspresset i denne aldersgruppa og det er ikkje alltid lett å finne det «rette tidspunktet» for eit trusopplæringstiltak. Mange stader er det stor aktivitet i kristent barne- og ungdomsarbeid gjennom kristne organisasjonar. Desse er svært viktige samarbeidspartnarar i trusopplæringsarbeidet.



Det er få nye tiltak som når ut til breidda i aldersgruppa 15-18 år. Konfirmasjonen synest for mange å markere eit slutt punkt for å delta i kyrkja sitt trusopplæringsarbeid. Men det lukkast å engasjere ein del ungdom i 15-18 års- alderen til medarbeidarar i tilbod for barn og unge, - og til deltaking i organisasjonane sitt tilbod.

Det ser også ut som om tiltak for ungdom på tvers av kyrkjelydane, der ein har tilsette og eit miljø av frivillige, når betre ut enn det ein får til i mindre kyrkjelydar.

Godkjenning av lokale trusopplæringsplanar

Vi har gjort gode erfaringar med å lese planane innafor eit prostiomiråde samla for å kunne sjå og peike på høve til samarbeid og betre bruk av ressursane. Planane som er godkjende, synest å vere lagde opp til å nå breidda med eit tilstrekkelig tal timar. Dei er godt reflekterte i stabane. Sjølv om det er mange tiltak som planane har til felles med kvarandre, har sokneråda fått sett sitt preg på planane slik at dei er godt forankra i lokale tradisjonar. Ikkje alle tiltaka i planane har blitt gjennomførte, men det er god realisme i dei og erfaringane viser at talet gjennomførte tiltak og oppslutninga om desse har blitt betre for kvart år ein har arbeidd med dette.

Lokalt utarbeidde planar

Regionale forum for trusopplæring



Fagleg styrking av tilsette

For å styrke fagleg kvalitet i trusopplæringsarbeidet og stimulere til erfaringsutveksling og inspirasjon arrangerte vi ein lokal trusopplæringskonferanse 16.-17. mars. 99 tilsette og frivillige medarbeidarar frå Møre tok del. Det blei gitt viktige impulsar og konkret opplæring for å betre kvaliteten i trusopplæringsarbeidet. Også her var barne- og ungdomsorganisasjonane viktige støttespelarar. I alle prosti som er i gjennomføringsfasen er det etablert eit *Forum for trusopplæring* der tilsette utvekslar erfaringar, drøfter felles utfordringar, utviklar samarbeidsprosjekt og gjev kvarandre rettleiing. Ein av bispedømerådet sine rådgjevarar med fagfelt undervisning/trusopplæring er alltid med på desse møta.

c) Endringar i strategiar og tiltak

Trusopplæring i aldersgruppa 15-18 år

Vi ser at det framleis er aldersgruppa 15-18 vi må utvikle betre tiltak for.

Vi vil legge vekt på:

- nettverksbygging
- relasjonsarbeid
- ei klar og livsnær forkynning
- satsing på tiltak på tvers av kyrkjelydane
- oppfølging ved flytting frå heimekyrkjelyden
- hjelp til å utvikle tiltak i regi av ungdom sjølv
- leiartrening og rettleiing for frivillige
- styrking av ungdomsdemokratiet

Det er planlagt å:

- arrangere ein ungdomsleiarkonferanse
- intensivere og støtte regionale trusopplæringstiltak for ungdom
- samarbeide med organisasjonane og ungdomsmiljø om leiartrening for ungdom

Godkjenning av lokale trusopplæringsplanar

I 2011 godkjende biskopen dei første lokale trusopplæringsplanane. Ved hjelp av Kyrkerådet og eigne verkty har vi utvikla gode metodar for å analysere planane, men vi kan bli betre. Prostane og kyrkjevevane har ikkje vore involvert godt nok i godkjenningsprosessane i 2011. Sidan tiltaka ofte fører til endringar i dei tilsettte sine oppgåver er det viktig å ha arbeidsgjevarsida representert og drøfte planane med desse. Rådgjevingssprosessen tek mykje tid. Dersom fleire skal bli med og lese planane må vi starte prosessen tidlegare.

Kompetente medarbeidarar i trusopplæringa

Fagleg utvikling

Gjennom ulike kurstilbod har vi gitt trusopplæringsmedarbeidarane og andre tilsette kunnskap om reformen, arbeidsmetodar og utviklingsverktøy. Mange som har byrja å arbeide med trusopplæringa har ikkje fagleg bakgrunn frå kyrkjeleg arbeid. I trusopplæringa blir mange sentrale område i teologi, kyrkja sine tradisjonar og organisasjon berørt og det er viktig å


vere trygg i sin yrkesidentitet, sine personlege haldningar og kunnskap og ståstad når det gjeld Den norske kyrkja si lære, tradisjon og organisasjon. Vi ønskjer å samarbeide med utdanningsinstitusjonane og Kyrkjerådet for å kunne tilby ei enkel og regional gjennomførbar etterutdanning for å styrke trusopplæraren sin yrkesidentitet.

d) Gjennomføring av trusopplæringsreforma i alle kyrkjelydane i Møre, ei risikoanalyse

	+		-
Internt	Styrker		Svakheter
1	God drift, kontinuitet og erfaring i arbeid med trusopplæring på kontoret	9	Rapportering er omfattande og tidkrevjande.
2	Erfaringsbasert reformverktøy og god rettleiing frå Kirkerådet	10	Tildelinga gir for lite grunnlag til å skape attraktive stillingar i tynt befolka strøk.
3	Trusopplæring blir sett på som ei kjerneoppgåve	11	Yrkesprofil / stillingskategori trusopplæringsmedarbeidar manglar retningslinjer og forankring i kyrkjelova
4	Føreseieleg tilskot for kyrkjelydane som har fått tildeling	12	Mangel på høve til utdanning og etterutdanning til yrkesprofil
Eksternt	Muligheter		Trusler
5	Positiv innstilling til reforma i kyrkjelydane	13	Stagnasjon i tildelinga, manglande opptrappingsplan og for full utbygging av reforma
6	Aukande vilje til samarbeid på tvers av soknegrensene og arbeidsgjevarlinjene for trusopplæring 15-18 år.	14	Minkande motivasjon i dei kyrkjelydane som er heilt i det uvisse om kva tid dei vil få tildeling
7	Godt samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonane	15	Prostivis tildeling av tilskotet skaper kvalitetsforskjell i bispedømet
8	Sentralt utvikla breiddetiltak som er godt tilrettelagde for gjennomføring lokalt	16	Mangel på kvalifiserte søkjarar grunna mindre attraktive stillingar i tynt befolka strøk

Vekting av risiko

Sannsynlighet



Oppfølging av risiko (Svakheter og trusler)

Risikoområde	Vekting	Tiltak
Punkt 9	2	Gi innspel til Kyrkjerådet for forenkling opplæringstiltak for brukarane
Punkt 10	9	Stimulere til samarbeid mellom arbeidsgjevarlinene for å skape robuste stillingar Arbeide med ei meir fleksibel fordeling av tilskottet innafor prostiet
Punkt 11	6	Oppfordre Kirkerådet til å lovfeste ei ny kategori for undervisningsstillingar i Den norske kyrkje
Punkt 12	6	Invitere utdanningsinstitusjon til å utvikle og skreddarsy etterutdanningskurs
Punkt 13	6	Dokumentere suksess med trusopplæringsreform overfor regjeringa Tydeleggjere behov for full utbygging av reform overfor regjeringa
Punkt 14	4	Oppmuntre og gi støtte tiltak og prosjekt i kyrkjelydane som ventar på tildelinga.
Punkt 15	3	Aktiv og målretta bruk av ubrukte trusopplæringsmidlar for å auke kunnskap og erfaring i kyrkjelydane som ventar på tildeling
Punkt 16	9	Samarbeide på tvers av arbeidsgjevarlinjene Samarbeide innafor prostiområdet for å skape eit godt arbeidsmiljø

2.3 Gudstenesteliv og kyrkjemusikk

MÅL

«Kirkens gudstenesteliv skal fornyes etter de mål som Kirkemøtet og Kirkerådet fastsetter. Gudstjenestereformen skal bl.a. gi større rom for fleksibilitet og valgfrihet i menighetene, mer involvering fra flere deltakere og sterkere stedlig forankring av gudstjenestelivet.» (FAD 2010)

- Arbeide for ei levande gudsteneste der alle høyrer heime
 - Leggje til rette for musikalsk og liturgisk mangfald
- (Rammeplan for Møre bispedøme 2010 – 2013)

STYRINGSPARAMETER

- Gudstenesteoppslutning

RESULTATINDIKATORAR


- Gjennomsnittleg deltakartal pr gudsteneste
- Nattverddeltaking
- Eigendefinerte resultatindikatorar

a) Måloppnåing


Medlemstalet i Møre bispedømme er framleis svakt fallande frå 221 878 i 2006 til 219 011 i 2010. Talet på døypte fell framleis svakt frå 2 688 i 2006 til 2 621 i 2010, men viser ein markant auke til 2845 i 2007. Dåpen har framleis ein sterk posisjon i folket. Talet på konfirmerte viser framleis fallande tendens frå 2 970 i 2006 til 2 848 i 2010. Talmaterialet gir ikkje høve til å vurdere tala t.d. opp mot storleiken på årskulla. Konfirmasjonen står framleis sterkt både mellom dei unge og familiane deira.



Den norske kirke. Medlemmer, kirkelige handlinger og gudstjenester etter tid og statistikkvariabel. Møre.



Kilde: Statistisk sentralbyrå



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Mindre guds- tenestedeltaking

Tendensen for gudstenestetalet på søn- og helgedagar er fallande frå 3470 i 2006 til 3219 i 2010. Tendensen for frammøtetalet i desse gudstenestene er òg fallande frå 388.435 i 2006 til 344.499 i 2010. Gjennomsnittleg frammøte i Møre har felle frå 111,9 i 2006 til 107,0 i 2010. Korrigererte tal for 2009 viser at gjennomsnittleg frammøte ligg stabilt i 2009 på (106,7) og i 2010 på (107,0). Gjennomsnittleg frammøtetal for Møre ligg godt over landsgjennomsnittet på 93, som òg ligg stabilt i same periode, jfr. KIFO 3/2011. Det stabile gjennomsnittlege frammøtetalet for Møre i 2009 og 2010 heng saman med det fallande gudstenestetalet i same periode. Tek vi i bruk resultatindikatoren «prosentvis endring» trer det fram eit bilete av deltakartalet som samsvarar betre med den grafiske framstillinga ovanfor. I 2009 er den prosentvise nedgangen i Møre - 0,9%. I 2010 er nedgangen - 3,8%. Tendensen er altså fallande. Sett i høve til Den norske kyrkja, var nedgangen i Møre i 2009 mindre, -1,6%. I 2010 var nedgangen større enn for Den norske kyrkja, -2,1%, jfr. KIFO 3/2011. Vår resultatindikator, «gjennomsnittleg deltakartal pr gudsteneste», anvendt på 2009 og 2010 kan gi inntrykk av at det fallande frammøtetalet har flata ut, men den prosentvise endringa viser at det ikkje er tilfelle.

Tendensen for gudstenestetalet utanom søn- og helgedagar er framleis svakt fallande frå 752 i 2006 til 714 i 2010. Frammøtetalet er svært vekslende: 71 225 i 2006, 80 238 i 2007, 69406 i 2008, 79905 i 2009 og 72033 i 2010. Gjennomsnittleg frammøtetal dokumenterer det ustabile: 94,7 i 2006, 103,6 i 2007, 96,8 i 2008, 108,7 i 2009 og 100,8 i 2010.

Prosentvis auke i nattverd- deltakinga

Talet på gudstjenester med nattverd er svakt aukande frå 1 628 i 2006 til 1 751 i 2010. Prostar melder om auka nattverddeltaking. «Berre unntaksvise er det no gudsteneste utan nattverd.» Den gjennomsnittlege nattverddeltakinga pr gudsteneste viser derimot svakt fallande tendens frå 39,2 i 2006 til 38,0 i 2010. Den fallande tendensen heng saman med at auken i nattverddeltaking er mindre enn auken i talet på gudstjenester med nattverd. Resultatindikatoren «prosentvis endring» viser derimot ein gledeleg auke i nattverddeltakinga på +6,2% i 2009 og +3,3% i 2010. Det er rimeleg at dei grunnar, som ein trur påverkar denne auken landet elles, har innverknad



i Møre òg: Generelt høg oppslutnad om kyrkje og kristendom, låg grad av urbanitet, aukande nattverdfrekvens og meir bruk av intinksjon jfr. KIFO 3/2011. Dei to sistnemnde grunnane krev målbevisst oppfølging.

KIFO 3/2011 nyttar i mangel av meir eksakte statistiske tal resultatindikatoren «prosentvis tilhøve mellom gjennomsnittleg nattverddeltaking og gjennomsnittleg frammøte på søn- og helgedagar» for å antyde den prosentvise storleiken på den nattverdfeirande kyrkjelyden. I Møre i 2010 antydar denne resultatindikatoren ein storleik på 35,5%. KIFO 3/2011 antydar eit landsgjennomsnitt på 40% for 2010. Det er viktig å vere tydeleg på at dette er antydingar, men den prosentvise auken i nattverddeltakinga i Møre for 2009 og 2010 viser at utviklinga i Møre er på rett veg.

b) Vurdering av måloppnåinga

Resultatindikatoren «prosentvis endring» korrigerer i visse høve det bilete som «gjennomsnittleg deltakartal pr gudsteneste» gir. Det kan vere nyttig å legge denne resultatindikatoren til i avsnittet Gudstenesteliv. Det stiller seg noko annleis med resultatindikatoren «prosentvis tilhøve mellom gjennomsnittleg nattverddeltaking og gjennomsnittleg frammøte på søn- og helgedagar». Skal det målast kor mange som faktisk går til nattverd, når det er nattverd, må det statistisk leggst til rette for sikrare dokumentasjon.

Ustabil frammøte ved kvardagsgudstenester

Det ustabile frammøtet på kvardagsgudstenester er urovekkande. Godt etablerte kvardagsgudstenester, som barnehage-, skule- og institusjonsgudstenester, samlar som regel mange. Dette faktum understrekar kor viktig det er å etablere stabile tradisjonar også for andre typar kvardagsgudstenester gjerne i samarbeid med trusopplæringa. Dei nye gudstenesteforordningane som trer i kraft i 2012 kan medverke til dette.

Dåpsregistreringa bør kunne gi rapport om kor mange born som vert døypte i kyrkjelydsliknande fellesskap. Det er av interesse å vite korleis denne dåpspraksisen påverkar dåpsarbeidet i lokalkyrkja.

Ny giv med nye ordningar?

Fallande tendensar i gudstenestetala og gudstenesteframmøte kan synast lite dramatiske frå år til år, men nedgang over fleire år reiser spørsmålet med tyngde: Korleis snu trenden? Gjennomsnittleg frammøte i Møre ligg over landssnittet 107/93. Det er gledeleg. Det er vårt mål at dei nye gudstenesteforordningane frå 2012 skal medverke til å stabilisere gudstenestetala og at innføringsarbeidet med lokale grunnordningar frå 1.søndag i advent 2011 skal auke frammøtetala ved involvering av fleire deltakarar og sterkare stadleg forankring.

c) Omtale av tiltak som er gjennomførte for å oppnå målet

Viser til orienteringa om ulike tiltak for arbeidet med gudstenestereforma gitt i årsrapporten for 2010.

Møre bispedøme var framleis i Fase II fram til 1.s. i advent 2011. Målsetjingar og tiltak for 2011 er i hovudsak realiserte.

Kursleiar- utdanning

Gudstenesteutval i alle sokn

Ressursgrupper i prostia

1. Følgje opp gudstenestereforma.

1.1 Tiltak: Kontinuerleg informasjon i prostemøte. Gjennomført etter plan. Domprosten har eit særskilt ansvar for oppfølging av innføringsarbeidet i Møre.

Leiargruppa for gudstenestereform i Møre justerte innføringsplanen 08.02.2011 etter Kyrkjerådets brev av 13.01.2011, «Informasjon om implementering av gudstjenestereformen. Plan om innføringskurs for dei prostivise gudstenestegruppene i november 2011 for at desse skulle kunne undervise sokneråd og fellesrådstilsette vart endra.

1.2 Nytt tiltak frå februar 2011: Kompetanseheving av 3 prestar og 3 kantorar til kursleiarar. Gjennomført delvis etter plan.

To kantorar og 3 prestar deltok på kursleiar kurset saman med leiar for kyrkjelivs- avdelinga. Ein tredje kantor er kopla på slik at tre leiarteam, beståande av ein prest og ein kantor er klar for innføringskurs i veke 3-5 i 2012. Alle tre teama har følgd framdriftsplanen for prosjektarbeidet i samarbeid med vegleiar så langt. Leiaren for kyrkjelivsavdelinga har lagt til rette for ei dagssamling for kursleiarane (15.09.2011) og ein telefonkonferanse (11.11.2011) for å drøfte framdriftsplan for prosjektarbeidet.

1.3 Nytt tiltak frå februar 2011: Oppretting av gudstenesteutval i alle sokn. Gjennomført etter plan.

Alle nyvalde sokneråd utnemnde gudstenesteutval for sitt sokn eller samarbeidande sokn i november-desember 2011 eller stiller som råd, heilt eller delvis etter biskopens oppmoding i brev av 5.mai 2011 og 30.september 2011.

1.4 Endra tiltak: Innføringskurs for dei prostivise gudstenestegruppene 10.11.2011.

Leiargruppa flytta tiltaket til 23.09.2011 og endra innhaldet i samsvar med Kyrkjerådets modell: «Biskopen planlegg saman med kyrkjevevane innføringskurs i kvart prosti der prestar, kyrkjemusikarar og andre førebur seg på materialet og arbeidsmåtar i gudstenestereforma.»

Prostemøtet 23.-24.03.2011 forankra tiltak 1.2; 1.3; 1.4. og valde v.3-5 i 2012 som periode for prostivise innføringskurs. Prostemøtet foreslo prestekandidatar til kursleiar kurset. Kantorane foreslo kantorkandidatar.

1.5 Tiltak: 2 møte med dei prostivise ressursgruppene. Gjennomført etter endra plan

Biskopens mandat: «Saman med prosten skal ressursgruppene leggje til rette for kursverksemd og liknande ved innføring av reforma.» Prosten er ansvarleg for innføringskurset i sitt prosti og ressursgruppa er framleis prostens ressurs i innføringsarbeidet. I tillegg disponerar kvar prost eit spisskompetent kurslærarteam ved prostiets innføringskurs i 2012. I Møre endra omgrepet kursleiar seg til kurslærer for dei aktuelle prestane og kantorane. Det var godt frammøtet på begge heildagssamlingane.



27.april: Tema v/Hans Arne Akerø og Øystein Bjørdal: Status etter vedtaket i Kyrkjemøtet. Kva har vi no fått? Tema v/Per Inge Haugen: Endra innføringsplan 2011-2012. Presentasjon av kandidatar til Kyrkjerådets kurslærarkurs.

23.september saman med kyrkjeveverjene. Tema v/kurslærarane: Presentasjon av faginnhaldet i kursa v.3-5 i 2012. Tema v/Per Inge Haugen: Forankring av kurskalendar v.3-5 i 2012. Stadfesting av prostane sitt ansvar for kurs- og implementeringsarbeidet. Vidareformidling av kyrkjerådsinformasjon.

1.6 Tiltak: Styrking av leiargruppa. Etablering av prosjektorganisasjon. Ikkje gjennomført etter plan.

Biskopen i Møre utvida 06.10.2010 Leiargruppa for gudstenestereforma i Møre. Domprost og leiar for avdeling kyrkjeliv fekk tilført følgjande ressursar: Domkantor 1, trusopplæringsprest, sokneprest med særskilde kvalifikasjonar og rådgjevarar for diakoni, undervisning og misjon.

Arbeidsfelt:

- a) Samarbeide med dei prostivise gudstenestegruppene i innføringsarbeidet.
- b) Styrke biskopens kapasitet ved godkjenning av Lokale grunnordningar i oktober og november 2012.

Forankring av tiltaket i bispedømmerådet vart ikkje gjort og leiargruppa har vore involvert i liten grad.

1.7 Tiltak: Merksemd på gudstenesta i visitas. Gjennomført etter plan.

1.8 Tiltak: Merksemd på gudstenesta i fagmøte for prestane 27.10.2011. Gjennomført etter plan.



2. Styrkje kyrkjemusikalsk arbeid.

Møre bispedømme har eit aktivt kyrkjemusikalsk råd. Rådet arrangerer faglege samlingar for kantorar og organistar, gjev faglege råd til biskop og bispedømmeråd i i orgelsaker og kyrkjemusikalske saker, medrekna liturgiske og salmebokrelaterte spørsmål knytte til gudstenestereforma og anna kyrkjemusikalsk utviklingsarbeid.

2.1 Tiltak: Fagsamling for kyrkjemusikarane.

Kyrkjemusikalsk råd har dette året arrangert to heildags fagsamlingar for organistar og kantorar i bispedømmet med ulike tema innanfor kyrkjemusikk og kultur. Desse samlingane er godt innarbeidde, og deltakinga er god.

2.2 Tiltak: Oppfølging av Plan for kyrkjemusikk.

Plan for kyrkjemusikk var tema for biskopens møte med kyrkjemusikarane på ei av fagsamlingane dette året. Vi ønskjer å sjå kyrkjemusikkplanane i samanheng med gudstenestereformen og innføring av ny salmebok. Plana er også tema i visitasarbeidet, og i kontakt med kyrkjelydane er dette planarbeidet blitt løfta fram.

3. Etablere ungdomsgudsteneste i Ålesund-området.

3.1 Tiltak: Etablere felles ungdomsleiarstilling for alle kyrkjelydar i Ålesund. Gjennomført etter plan.

c) Endringar i strategiar og tiltak

Det er vårt mål at dei nye gudstenesteforordningane som trer i kraft frå 2012 skal verke stabiliserande på gudstenestetala både på søn- og helgedagar og på kvardagar. Det vil vise seg om dette tiltaket får effekt i samspelet med stram økonomi og reduksjon av prestepstillingar. Innføringsarbeidet med lokale grunnordningar frå 1.søndag i advent 2011 vil voneleg auke frammøtetala ved auka involvering av fleire deltakarar og sterkare stadleg forankring.

d) Risikovurderingar

Arbeidet med gudstenestereforma ber i seg mange typar risiko. Fem eksempel: 1) Det kunne ha vore vanskelegare å rekruttere kurslærar enn det var. 2) Biskopens forslag om oppretting av gudstenesteutval kunne ha møtt større motstand. 3) Samarbeidet mellom prostane, kyrkjevevane, dei prostivise ressursgruppene og kurslærarane i førebuing av innføringskursa i 2012 kunne ha blitt vanskelegare. 4) Fellesrådsøkonomien, som styrer både den lokale personellsituasjonen og innkjøp av materiell, kan hemme innføringsarbeidet. 5) Etablering av prosjektorganisasjonen møtte vanskar og vart sett på vent.



Det vart ikkje på førehand gjort risikovurderingar. Tiltaka, som vart sett inn når vanskar oppsto, vart skapt på staden og løyste i dei fleste tilfelle vanskane. Det er klokt å tenke igjennom dette på førehand. Det tryggar både måloppnåinga, arbeidet undervegs og medarbeidarane.

2.4 Lokalt FoU-arbeid

MÅL	«Kirkerådet og bispedømmerådene skal stimulere til økt organisatorisk samarbeid på tvers av menighets- og kommunegrenser.» (FAD)
STYRINGSPARAMETER	- Omfang og verknad av forsøks- og utviklingsarbeid i bispedømet
RESULTATINDIKATORAR	- Tal fellesråd som er med i forsøk eller har etablert samarbeidsordningar på tvers av soknegrenser eller kommunegrenser - Tal sokneråd som er med i forsøk med samanslåtte sokneråd - Eigendefinerte resultatindikatorar

Eit fjord- og ferjefylke

a) Måloppnåing

Dei organisatoriske strukturane i Møre bispedøme er ofte grunna i geografiske tilhøve som fjordar, fjell og høve til transport og kommunikasjon via vegar og ferger.

Vi erfarer at initiativ frå bispedømenivå utløyser motstand i høve til gamle fogderigrenser eller at det blir «omkamp» knytt til regulering og samanslåing av kommunar på tidleg -60 tal.

Vi har best erfaring frå å understøtte prosessar som er initierte lokalt samt å ta initiativ til samvirke som ikkje utfordrar grensereguleringar. Men det kan gjerne ta lang tid frå idè til resultat.

Nokre endringar kjem utanfrå ved samanslåing av kommunar. Kristiansund/Frei, Aure/Tustna har ført til konsekvensar på fellesrådsnivå. Nokre er initierte innanfrå gjennom demokratireforma: Halså/Valsøyfjord, Vågøy/Myrbostad og Eid/Holm er slått saman dei seinare åra.

Fellesråda i Austre Sunnmøre prosti, med unnatak av Sykkylven, er slått saman til eit fellesrådsområde. Frå 1/1-12 er dei fem fellesråda i Skodje, Ørskog, Stordal, Stranda og Norddal slått saman til Storfjorden kyrkjelege fellesråd med tilsaman 13.500 innbyggjarar. Dette kjem etter eit langvarig samarbeid med tenesteytingsavtalar mellom fellesråda.



Det er ei utvikling der administrative funksjonar og kyrkjebokføring blir sentralisert i kommunar med mange sokn. Det er eit spenn mellom ønskje om lokal tilknytning til kyrkje og prestekontor og ønkje om å bruke mindre ressurser på administrative funksjonar. Ingen prestekontor ligg lenger i tenestebustaden.

I Molde domprosti har prosten og kyrkjevevja hatt uformelle møte og samtalar kring eit forsøksprosjekt om ein struktur for felles leiing av prostiet, etter mal for korleis biskop og stiftsdirektør samverkar om leiing på bispedømenivå.

Samhandling gjennom prosjekt og reformer

Rutine mellom kyrkjeverjer og prost på prostnivå bidrar og til auka samvirke.

Det er nok i samband med trusopplæringsreformen vi har sett flest samarbeidsprosjekt, men vi ser og at demokratireformen, gudstenestereformen og fagdagar i prostiet legg til rette for møteplassar på tvers av sokne- og fellesrådsgrenser. Vi vonar det på sikt legg til rette for internprosessar.

Det er etablert avtalar mellom bispedømerådet og dei kyrkjelege fellesråda i Møre om felles arbeidsmiljøutval

b) Vurdering av måloppnåinga, omtale av gjennomførte tiltak

Frå bispedømekontoret si side er det generelt indirekte arbeid som får konsekvensar for samarbeid mellom sokn og fellesråd. Vi ser og at presten eller prestane sin plass i stab verkar inn på samhandling mellom dei tilsette på sokne- og fellesrådsnivå.

Prestane sine tenesteområde

c) Endringar i strategiar og tiltak

Prestane har prostiet som tenestedistrikt, men i det daglege gjer prestane i hovudsak teneste i eit mindre samarbeidsområde. Det har ved fleire høve blitt reist spørsmål ved om dette er tenleg.

Prestegjeldet er formelt teke ut av kyrkjelova, men strukturane knytta til dette vil framleis vare ved. Bispedømet si oppgåve er å minne om desse endringane samtidig som det går an å peike på moglege tiltak for auka samvirke. Vi ser og at stiftsdagar for alle kyrkjelege tilsette verkar positivt inn.

Vi ser det ikkje som naturleg å gå foran i spørsmålet om struktur på soknenivå, fellesrådsnivå eller prostnivå før ny kyrkjeordning er avklara.

Ein framtidsvisjon bør vere ei strategisk IKT-satsing med intranett for intern kommunikasjon og samvirke mellom tilsette og rådsorgan på ulike nivå, likedan utviklinga av heimesida og auka bruk av sosiale media.

2.5 Misjon og økumenikk

MÅL

Frå Rammeplanen for Møre bispedøme 2010 – 2013

- Vi vil arbeide for å styrkje misjonsengasjementet i kyrkjelydane i samarbeid med dei frivillige organisasjonane
- Vi vil leggje vekt på tydeleg misjonsfokus gjennom forkynning, forbøn, undervisning og aktive misjonsprosjekt

Frå satsingsområder frå Samarbeidsråd for Menighet og Misjon:

- Vi vil fremje misjonal grunntenking i arbeid med gudstenesteliv og trusopplæring
- Vi vil motivere til inngåing og utvikling av misjonsavtalar

Målsetjinga i Årsplanen for 2011 var:

- Fremje misjonal grunnhaldning i gudstenestelivet
- Fremje misjonal grunnhaldning i trusopplæringa
- Fremje misjonal grunnhaldning i diakonien
- Auke talet på misjonsavtalar i kyrkjelydane og engasjementet rundt desse
- Vidareutvikle samarbeidet i SMM Møre

Målsetjing for internasjonal kontakt i Årsplan 2011:

- Følgje opp partnarskapsavtalar med Ungarn og England.
- Styrkje kontakt med våre partnarskapsbispedøme.

RESULTATINDIKATORAR

- Eigendefinerte resultatindikatorar



a) Måloppnåing

- Trusopplæring og misjon

Tilhøvet mellom trusopplæring og misjon har i 2011 vore arbeid med gjennom godkjenning av trusopplæringsplanar og innspel til planarbeidet lokalt. Misjonalt fokus i trusopplæring og ungdomsarbeid vart sett på agendaen på regional trusopplæringskonferanse i Møre våren 2011. Det er framleis eit godt samarbeid kring leiartrening for unge i Møre. Barne- og ungdomsorganisasjonane tek del saman med kyrkjelydane og bispedømet.

- Gudsteneste og misjon

I arbeidet med gudstenestereforma som no går føre seg både lokalt og regionalt, er det ei tydeleg misjonal målsetting. Utgangspunktet for reforma er: Korleis får vi fleire til å koma til gudsteneste? Korleis skape ei gudsteneste som er involverande, staeigen og fleksibel, - sentrale verdiar i missiologisk tenking.

Fagfelte gudsteneste, kyrkjemusikk og kultur, misjon, diakoni og trusopplæring er sentrale i det nye visjonsdokumentet for Møre. Visjonsdokumentet vart m.a. presentert på soknerådskurs i dei ulike prostia hausten 2011. Presentasjonen viste korleis dei ulike fagfeltet høyrer naturleg

saman, utfyller og går inn i kvarandre på ein slik måte at ein ikkje kan tenkje eit felt isolert frå dei andre.

Tiltaket oppfølging av misjonsjubileum Edinburgh 2010, med konkrete utfordringar til kyrkjelydane, vart ikkje følgt opp i 2011. Grunnen er at kyrkjemøtesaka om misjon vart utsett frå 2011 til 2012. Misjon har vore tema på nokre av visitasane i 2011, med fokus på lokalt eigarskap og samarbeid med misjonsorganisasjonane.

Mange har misjonsavtaler

- Misjonsavtaler

Det er omlag 74% av kyrkjelydane i Møre som har inngått ein avtale med ein av dei 5 organisasjonane i SMM (Samarbeid Menighet og Misjon), om eit konkret prosjekt i ei av samarbeidskyrkjene våre.

I kyrkjelydane sin årsstatistikk for 2011 svarar 82,5 % av kyrkjelyden at dei har vore engasjert i eit eller fleire misjons- eller solidaritetsprosjekt i andre land. 44% rapporterer om felles misjons- og solidaritetsarbeid med andre sokn. Dette kan være meir kortvarige, eller enkeltstående prosjekt i tillegg til fleirårige misjonsprosjekt.



- Samarbeid Menighet og Misjon (SMM)

Organisasjonane i SMM har gjennom 2011 samarbeida om t.d. «Konfirmantlaudag om misjon» (4 kyrkjelydar og 3 misjonsorganisasjonar arrangerte dagen saman) og lokale temadagar der misjon har vore sett på dagsorden. Stor vilje til konstruktivt samarbeid mellom organisasjonane og kyrkjelydane når det gjeld barne- og ungdomsarbeid, t.d. leir, lokale barne- og ungdomsgrupper, ungdomsgudstenester, minifestivalar etc.

- Venskaps- og samarbeidsavtaler Møre bispedøme har samarbeidsavtaler med Den anglikanske kyrkja i England (Newcastle bispedøme) og Den lutherske kyrkja i Ungarn (Nordre bispedøme). Ungdomsrådet i Møre har engasjert seg særleg i kontakten med Nordre bispedøme i Ungarn. Vi tok i mot ei gruppe på 18 ungarske ungdommar i august. To ungarske prestar var på vitjing i Møre for pastoral erfaringsutveksling hausten 2011. Dei to norske prestane som tok i mot dei, vil reise til Ungarn for gjenbesøk i 2012. Tre prestar frå Møre tok del på Clergy conference for Newcastle bispedøme i juni. I september var ei tverrfaglig gruppe på 11 personar (kyrkjemusikarar, trusopplærarar, kyrkjevevjer og tilsette ved bispedømmekontoret) på studietur til Newcastle.

b) Vurdering av måloppnåinga, omtale av gjennomførte tiltak

I arbeidet med godkjenning av *trusopplæringsplanar* ser ein at det er svært ulikt kor langt ein har kome med å integrere misjon i tiltak og planar lokalt. Målet er å tilby inspirasjon og kunnskap til trusopplærarar lokalt, og samstundes tilby praktisk samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonane som jobbar med misjon. Korleis kan vi samarbeide slik at både kyrkjelyd og organisasjon vinn på det? Eit viktig mål er å la barn og unge få erfare den rikdommen det er å vere del av ei verdsvid kyrkje.

Misjon i trusopplæringa

Misjon i gudstenesta

I dette arbeidet har vi framleis for lite konkrete ressursar tilgjengelege. Organisasjonane har ikkje kome langt nok med å utvikle materiell om misjon som er konkret og samstundes generelt nok. SMM sentralt jobbar for å avdekke behov, spreie gode idear og eventuelt utvikle ein læreplan for misjon.

Gudsteneste: Vi står no midt i arbeidet med gudstenestereforma og haustar erfaringar frå dette. Kanskje saknar vi i denne prosessen ei tydeligare merksemd om at vi som lokal kyrkjelyd er del av eit større fellesskap, både lokalt og globalt? Korleis syner dette igjen i våre gudstenester? Misjon skal opp som sak på Kyrkjemøtet i 2012 og vonaleg vil det her kome ein del konkrete utfordringar til lokalkyrkjelydane, også når det kjem til feiring av gudstenestene. Vi treng å kjenne pulsen frå verda vi er ein del av. Dette er særleg aktuelt i ei tid der trusfridomen er truga mange stadar.

Misjonsavtalar: Eit stort fleirtal av kyrkjelydane har slike avtalar, og mange stader er avtalane levande og aktive. Talet på avtalar er relativt stabilt frå år til år. Å bruke misjonsavtalene inn i trusopplæringsarbeidet vil være eit viktig tiltak for å utvikle avtalene i ei retning som skapar engasjement og eigarskap blant fleire. Vi ser ein positiv trend der fleire ungdomsgrupper/-kyrkjelydar har eigne misjonsavtalar, og eit aktivt engasjement kring dette. Vi har ikkje lukkast med å få på plass misjonsutval/misjonskontakt i alle kyrkjelydar.

Samarbeidsavtalar med Ungarn/England: Dette arbeidet er givande og inspirerande, men og ressurskrevjande med tanke på personell og pengar. Di meir enn legg inn i kontakten, di meir veks dette. Korleis handterer vi veksten? Det er vanskeleg å få dette engasjementet til å leve lokalt (berre med basis i lokalkyrkjelyden sitt engasjement).

Det er viktig for ungdom og for tilsette i bispedømet å få delta på utveksling, bli kjent med andre sin situasjon og hente idear til eige arbeid.

Ein av målsetjingane for turen til Newcastle hausten 2011 var å sjå korleis dei her jobbar inn mot aldersgruppa 15-18 år. Vi fikk møte med ulike typar ungdomsarbeid, og høyre om organisering av ungdomsarbeid både i byane og meir rurale strom. Det var flott å få møte tilsette og frivillige i Newcastle, eit bispedøme med ulike, men og tilsvarande utfordringar som oss, i eit samfunn som er endå meir sekularisert. Gruppa gav særleg gode tilbagemeldingar på at vi la til rette for ein tverrfagleg tur.

c) Endringar i strategiar og tiltak

Vi vil fortsette samarbeidet mellom bispedømet, kyrkjelydane og organisasjonane. Det er mest fruktbart å avgrensa dette til nokre felt. Når SMM vert utvida med ein ny organisasjon, Stefanusalliansen, bør vi nytte høvet til å sette fokus på trusfridom, menneskerettar og situasjonen for forfølgde kristne.



Vi vil løfte fram konkrete utfordringar frå Kyrkjemøtet 2012 til loka-
lkyrkjelydane. Vi vil setje fokus på ofringar, givarglede og deling. Gir
vi ein stadig mindre del av dei innsamla midlane til arbeid utanfor eigen
kyrkjelyd? Gir vi mindre til misjon, internasjonal diakoni, andre kyrkjel-
ege organisasjonar?

Vi bør avklare omfanget av besøk og utveksling for ulike målgrupper i
bispedømet og arbeide for større grad av lokal forankring kring venskap-
samtalane.

d) Risiokovurderingar

Rådgjevaren for misjon har i 2011 og vorte nytte til å løyse ein del andre
oppgåver på kontoret på sida av eige fagfelt, dette har ført til at oppgåver
på misjonsfeltet ikkje har vorte følgd opp. Det er viktig å avklare kva for
oppgåver rådgjevaren skal vere med og løysa, og samstundes ha ein plan
for oppfølging av fagfeltet ved langvarig frávær.

2.6 Diakoni

MÅL

Frå Rammeplanen for Møre bispedøme 2010 – 2013:

- Vi vil arbeide med å gjere diakonien tydeleg i alt vårt arbeid
- Vi vil vise omsorg for liv og velferd hos nesten, i nærmiljø og globalt, halde fram menneskeverdet og verne om skaparverket

Målsetjinga i Årsplanen for 2011 var:

- Vidareutvikle diakonien i kyrkjelydane
- Brubygging og fagleg dialog mellom kyrkje og samfunn
- Kyrkjelydane i Møre framstår som inkluderande fellesskap
- Kyrkjelydane i Møre tek del i kampen for ei rettferdig fordeling av ressursane i verda
- Kyrkjelydane i Møre vernar om skaparverket
- Styrke og vidareutvikle oppfølging av frivillige medarbeidarar i kyrkjelydane
- Fagleg utvikling av diakonar og diakonimedarbeidarar

RESULTATINDIKATORAR

1. Kor mange av kyrkjelydane har diakoniplan vedtatt av soknerådet?
2. Kor mange diakonifaglege temadagar og seminar for kyrkjelig tilsette vart det arrangert i bispedømet i løpet av året? Kor mange tilsette deltok?
3. Kor mange deltakarar frå kommunale verksemder deltok på diakonifaglege seminar arrangert av Møre Bispedømeråd?
4. Kor mange vigsla diakonar er det i kvart prosti? Er det blitt fleire eller ferre?
5. Vart det oppretta nye diakonstillingar i løpet av året?

Diakonale stillingar utløyser frivillig engasjement

INNLEIING

Diakonien i kyrkjelydane i Møre vert drive fram av fleire ulike grupper, både tilsette og frivillige. Det er likevel ikkje til å undrast over at dei kyrkjelydane som har tilsett diakon eller diakoniarbeidar oftast har eit større og meir systematisk diakoniarbeid enn kyrkjelydar som manglar slike ressursar. Kyrkjelydar utan tilsette med diakonifagleg kompetanse og ansvar, kan likevel ha eit tydelig diakoniarbeid organisert gjennom eit diakoniutval eller andre frivillige grupper som står bak besøksteneste, eldretreff, institusjonsbesøk, ferieklubbar og ulike former for inkluderingsarbeid og fellesskapsbyggande arbeid i kyrkjelyden.

a) Måloppnåing

1. Av 97 kyrkjelydar i Møre er det rundt 30 som har ein godkjent diakoniplan vedteken av soknerådet.
2. Det vart arrangert 6 temadagar om diakonifaglege tema for kyrkjelig tilsette i Møre i 2011. Tre av desse var fagdagar berre for diakonar og diakoniarbeidarar, medan dei tre andre var tverrfaglege seminar for fleire grupper tilsette. Ein av temadagane var opne også for deltakarar private og kommunale verksemder. Totalt deltok 195 tilsette frå kyrkjelydane på desse dagane.
3. 60 tilsette frå andre verksemder enn DnK deltok på seminar om dia-

konifaglege tema. Dette var delvis inviterte samarbeidspartnarar (politiet), samt fagfolk innanfor private og kommunale verksemder som deltok på eit seminar med Eva Lundgren om seksuelle overgrep i kyrkje og samfunn.

4. Dei vigsla diakonane er ujamt fordelt mellom dei sju prostia i bispedømet. Sjølv om alle prostia har ei eller fleire diakonstillingar, er det berre fire av sju prosti som har vigsla diakonar i teneste, slik tabellen nedanfor viser. Dette kjem av at to vigsla diakonar har permisjon, samt at fleire av dei som er tilsett i diakonstilling ikkje fyller krava til vigsling.

Tabell 2.6.1

Prostivis dekning med diakonteneste

	SS	NS	AS	MD	IR	IN	YN	Sum
Vigsla diakonar med tilsettingsbrev	2	5	2	1	2			11
Vigsla diakonar i permisjon	-1				-1			-2
Diakonar som ikkje er vigsla								
– men som har vikariat eller fast stilling	1			1	1	1	2	6
Diakoniarbeidarar i 50% stilling eller meir	1	3	1	1			1	7
SUM	3	8	2	3	2	1	2	21

5. Det vart ikkje oppretta nye diakonstillingar i 2011, men Peder Nedrelid frå Aukra vart vigsla til diakon i Den norske kyrkja 14.08.2011. Peder Nedrelid gjer teneste som diakon i Sjømannskyrkja på Gran Canaria, Spania.

b) Vurdering av måloppnåinga, omtale av gjennomførte tiltak

Sjølv om der er store skilnader frå kyrkjelyd til kyrkjelyd er det mulig å dele inn kyrkjelydane i ulike nivå, med omsyn til kor sterkt det vert satsa på diakonalt arbeid. I opplistinga nedanfor er tala i parentes talet på kyrkjelydar i Møre som er vurdert til å vere på dette nivået. Det er inneforstått at alle kyrkjelydar som er på nivå 1 – 4, har ein vedteken diakoniplan.

Tabell 2.6.2

Satsing på diakonalt arbeid i kyrkjelydane i Møre. Antall kyrkjelydar etter nivå.



Nivå	Krav som må oppfyllest på kvart nivå	Kyrkjelydar etter nivå. N= 97
1	Sokn med vigsla diakon i heil stilling, åleine eller saman med andre sokn	29
2	Sokn med diakoniarbeidar med brei helsefaglig eller pedagogisk bakgrunn i heil stilling. (Åleine eller saman med andre sokn)	11
3	Sokn med diakoniarbeidar i deltidstilling	10

Nivå	Krav som må oppfyllest på kvart nivå	Kyrkjelydar etter nivå. N= 97
4	Sokn utan tilsette i diakonistilling, men med eit aktivt diakoniutval som arbeider etter vedteken lokal diakoniplan.	2 – 10
5	Sokn utan tilsette i diakonistilling, utan vedteken diakoniplan og utan diakoniutval.	(ikkje registrert)

Det er ikkje gjort nøyaktige registreringar i forhold til nivå 4 og 5, men dersom dei andre registreringane er nokolunde korrekte betyr det at om lag 40 kyrkjelydar i Møre pr. desember 2011 ikkje har vedteke diakoniplan eller etablert eige utval for diakoni.

I KIFO-rapporten («Tilstandsrapport for Den norske kirke 2011») vert det vist til at 7 sokn i Møre har samlivsgrupper, 40 sokn har eldretreff og 24 sokn har sorggrupper.

KIFO rapporten viser også til at heile 33% av kyrkjelydane i Noreg ikkje har rapportert diakonale tilbod i 2010. Men rapporten sår tvil om kor nøyaktige tala er, og antydar at det for 2010 kanskje har vore ei underrapportering av diakonale tilbod i kyrkjelydane. (KIFO 2011, s 41)

Det er grunn til å tru at Møre bispedøme ligg nokolunde på gjennomsnittet når det gjeld diakonale tilbod i kyrkjelydane, og dersom tala frå KIFO stemmer er det nødvendig å arbeide målretta for å styrke diakonitenesta i kyrkja vår.

Brubygging mellom kyrkje og samfunn

Dei diakonale utfordringane finst ofte skjæringspunktet mellom kyrkjelyd og lokalsamfunn. Derfor er det også viktig for prestar og diakonar å ha ein god dialog med det lokalsamfunnet dei er ein del av. Kursdagen om «Seksuelle overgrep i kyrkje og samfunn» der mellom andre Eva Lundgren deltok som forelesar, vart ein møtestad for tilsette i kyrkja, høgskulesystemet, helsevesenet og privat sektor. Det bør bli tradisjon å arrangere ein slik kursdag kvar haust.

Kamp for rettferd og vern om skaparverket

I løpet av 2011 vart det oppretta ressursgruppe for skaparverk og berekraft i Møre. Grappa har hatt fleire møte, og har vedteke ein handlingsplan for 2012. Fleire av medlemmane i grappa har delteke på sentrale samlingar for slike ressursgrupper.

Målsettingar som er blitt liggande urørt

Målsettinga om å gjere noko aktivt for å styrke kyrkjelydane si oppfølging og omsorg for frivillige medarbeidarar er ikkje blitt følgt opp. Fleire store oppgåver i kjølvatnet av terrorhandlingane 22. juni er bakgrunnen for at det ikkje vart funne tid til dette punktet i målsettinga.

*Diakonitenesta
må bli styrka*

Vi treng fleire fagutdanna diakonar

Utfordringar

Vi kjem ikkje utanom at dei faglig sterke diakonane med mange års erfaring og solid utdanning er den aller største ressursen for diakonien i Møre bispedøme. I ei av årsmeldingane skriv ein av dei: «I 2011 hadde jeg 224 husbesøk, en liten nedgang fra 2010». Det er ei stor utfordring å syte for at diakonien i Den norske kyrkja har eit utadretta preg. Diakonen, presten og trusmedarbeidaren sin faglege og personlege integritet og tryggleik er kanskje den aller viktigaste føresetnaden for dette.

Kyrkjemøtet vedtok i 2011 at diakonitenesta er ei «nødvendig og sjølvstendig» teneste i kyrkje vår. KM vedtok også at det må opprettast fleire diakonstillingar og at det må vere ei målsetting at alle kyrkjelydar i framtida skal ha tilgang til diakonal kompetanse.

Det er viktig med økonomiske rammer som sikrar fleire diakonar i kvart prosti. Samstundes er det svært viktig å bygge vidare på kyrkjemøtevedtaket slik at kyrkja si leiing på alle nivå gir dei vigsla diakonane frimod til å stå fram som tenarar i kyrkjelyden - og på vegne av kyrkjelyden.

2.7 Kultur

MÅL	Med forankring i KM 07/2005 Kunsten å være kirke, skal kunst- og kultursatsinga sørgje for at kyrkjelydane sin kulturkompetanse og kyrkja si koordinerande rolle blir styrka, og spisskompetanse blir utvikla i bispedømme. Målet er brei og auka kulturverksemd i kyrkjelydane, og at Den norske kyrkja står fram ein attraktiv og profesjonell aktør i norsk kulturliv innan alle kunstnariske uttrykk.
STYRINGSPARAMETER	<ul style="list-style-type: none"> - Auke og fremme brei kyrkjeleg kulturverksemd - Bygge og utvikle kyrkjeleg kulturkompetanse - Utvikle og vidareformidle spisskompetanse - Initiere samarbeid mellom kyrkja og kulturlivet elles <p>Møre bispedømme har vald desse områda for utvikling av spisskompetanse innan kulturfeltet:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Den kulturelle skulesekken. - Dramaturgiske uttrykk. (Ordkunst, teater, dans, filmkunst)
RESULTATINDIKATORAR	<ul style="list-style-type: none"> - Tal på sendte søknadar, søkt sum og tildelt sum til kulturaktivitetar i kyrkjelydane. - Tal på kompetansehevande tiltak innan kulturfeltet i bispedømmet, og tal på deltakarar på desse. - Tal på tiltak innanfor spisskompetanseområda og tal på resultat. - Tal på nye samarbeidstiltak mellom kyrkja og kulturlivet elles.

a) Måloppnåing

Tabell 2.7.1

Tal på sendte søknadar frå kyrkjelydar til ulike finansieringskjelder for kultur	11
Søkt sum	kr 842 000
Tildelt sum til kyrkjelydane	kr 647 000
Tal på kompetansehevande tiltak innan kulturfeltet i bispedømmet	6
Tal på deltakarar	230
Tal på tiltak innanfor spisskompetanseområda	5
Tal på resultat	12
Tal på nye samarbeidstiltak mellom kyrkja og kulturlivet elles	16

b) Vurdering av måloppnåinga, omtale av gjennomførte tiltak

I kyrkjene våre er eit spekter av arrangement med godt, lokalt kultursamarbeid gjennom heile året: Konsertar, deltaking av korps og kor på gudstenester og andre arrangement, innslag med dans, drama og litterære



uttrykk, deltaking av lokale foreiningar, lag og organisasjonar. Møre og Romsdal er eit kulturfylke og kyrkja i Møre har eit tett og godt samarbeid med det lokale kulturlivet. Samstundes ser ein at Møre bispedømme er blant bispedømme som hentar ut minst midlar frå dei store kulturfinansieringsinstitusjonane. Av tildelt sum til kyrkjelege kulturprosjekt i tabellen ovanfor er kr 510 000 frå Møre og Romsdal fylkeskommune og OVF. Kulturrådet og andre kulturfinansieringsinstitusjonar står for ein liten del av summen. Den same tendensen ser ein også i kulturlivet elles i Møre og Romsdal. Det er store ulikskapar mellom ulike delar av landet når det gjeld tildelingar innanfor dette området, og forskjellane aukar. Det vi opplever i kyrkjelydar i vårt bispedømmet er at berre nokre få miljø har ressursar til å søkje på aktuelle finansieringsordningar. For dei fleste kyrkjelydane blir dette opplevd som for krevjande og dermed uaktuelt. Mange erfarer at kulturmidlane frå Norsk kulturråd og andre store kulturfinansieringsinstitusjonar i liten grad er tilpassa kyrkja si verkelegheit. Mange har gjort forsøk på å søkje om økonomisk støtte til kunst og kulturprosjekt utan at det har gitt resultat. I ein pressa kvardag gjer slike erfaringar at mange vegrar seg mot å bruke tid og ressursar på nye søknadsprosessar. Det kan nemnast i denne samanhengen at Kristiansund Kyrkje Kunst Kulturfestival er i ei særstilling på dette feltet. Dei mottok i 2011 kr 500 000 i tildelingar frå Kulturrådet til sitt omfattande arbeid.

Økonomiske støtteordningar

Økonomiske støtteordningar for kyrkjelege kulturarrangement var tema for ei fagsamling for kyrkjemusikarane i bispedømmet i november. Der informerte representantar frå Norsk kulturråd, kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune og lokalt næringsliv om ulike støtteordningar til kulturtiltak, og kva som blir kravd i søknadar.

Seminar og kurs for å auke kulturkompetansen

Gjennom året har bispedømerådet arrangert 6 ulike kompetansehevande tiltak spesifikt retta mot feltet kyrkje og kultur:

- Seminar om mulegheiter og utfordringar ved bruk av kyrkjerommet i kultursamanheng, i samarbeid med Kirkefestuka i Molde domkirke.
- Seminar om kystpilegrimsleia, i samarbeid med Kristiansund Kyrkje Kunst Kulturfestival og Møre og Romsdal fylkeskommune.
- Kurs i forteljarkunst, i samarbeid med Kulturdagane i Spjelkavik kyrkje. Kyrkjemusikalsk råd har arrangert to fagsamlingar for organistar og kantorar i bispedømmet, der det har vore fokus på ulike tema innanfor kyrkje og kultur.
- Tverrfagleg studietur til Newcastle bispedømme, der tradisjonelle og nyskapande kultiltak var eit sentralt tema.

Kyrkja i Møre har gjennom året samarbeidd med kulturlivet elles i fylket. Dette gjeld også fleire av dei store kulturinstitusjonane i fylket. Av desse samarbeidsprosjekta kan nemnast:

Teater-samarbeid

Teatret Vårt, regionteater i Møre og Romsdal: I samband med lanseringa av ny Bibelomsetjing i oktober samarbeidde teatret og Molde domkirke om to arrangement: «Alt har sin tid,» med framføring av bibeltekstar av skodespelarar og musikk framført av Møremusikarane. Framsyninga

«Josef» som blei satt opp på Sidescena. «Porselensskogen» blei vist på teatret på seinhausten og gjort tilgjengeleg for visning etter bestilling. Fleire kyrkjelydar har bestilt framsyninga i 2012. I samband med denne framsyninga hadde teatret også eit program på Sidescena med tittelen «Når trua blir trua».

Samarbeid med Bjørnsonfestivalen

Bjørnsonfestivalen: Under litteraturfestivalen samarbeidde Bjørnsonfestivalen og Molde domkirke om litteraturgudsteneste med tema «Mot til å leve,» med deltaking av m.a. lokale forfattarar og biskop Ingeborg Midttømme. Arrangementet blei støtta av Norsk forfattarsentrum. På Nesset prestegard arrangerte festivalen «Prestegardsdag» i samarbeid med Nesset kyrkjelyd.

Ny nynorsk bibel

Nynorsk kultursentrum: Biskop Ingeborg Midttømme tok initiativ til feiring av den nynorske bibelomsetjinga på Ivar Asentunet. Det resulterte i eit samarbeidsprosjekt mellom Møre bispedømme, Ivar Asentunet og Bibelselskapet, og blei ei storstilt markering av den nye omsetjinga, med m.a. bibelomsetjingsseminar, økumenisk gudsteneste og kulturkveld i Volda kyrkje med deltaking av m.a. songaren Ingebjørg Bratland og skodespelar Bjørn Sundquist. Bispedømmet sitt prestekonvent vart arrangert i tilknytning til arrangementet.

Den kulturelle skulesekken

Kulturavdelinga ved Møre og Romsdal fylkeskommune: Det er eit godt samarbeid om Den kulturelle skulesekken. Bispedømmet blei invitert til å delta på fleire arrangement i regi av kulturavdelinga der Kultursekken var tema. Kulturavdelinga produserte hausten 2011 framsyninga «Vinden er stille» i samarbeid med Kristiansund Kyrkje Kunst og Kulturakademi. Framsyninga blei vist på Kulturtorget i januar 2012 og skal turnere som produksjon Den kulturelle skulesekken (DKS) i kyrkjer i bispedømmet våren 2012. Elles når det gjeld kyrkjelege produksjonar til DKS på kommunalt nivå, merkast ei auka interesse i kyrkjelydane. Det er tre fellesrådsområde som no har eigne produksjonar og fleire arbeider med konkrete idear. Framleis trengs det meir kunnskap om DKS i kyrkjelydane, og ein ser også at i ein situasjon med knappe ressursar er det mange kyrkjelydar som ikkje prioriterer dette arbeidet.

Kystpilegrimsleia

Det er også eit nært samarbeid mellom bispedømmet og kulturavdelinga i fylket om etableringa av Kystpilegrimsleia frå Stavanger til Trondheim. Dette er eit regionalt samarbeid mellom fylkeskommunar og bispedømme langs vestlandskysten med målsetjing om å etablere Kystpilegrimsleia som ei samanhengande reiserute langs kysten, ein St. Olavs veg og ein europeisk kulturveg med utgangspunkt i kulturminne og heilagstader langs kystleia.

Kyrkje og film

Høgskulen i Volda: Bispedømmet har vore involvert i opprettinga av eit nytt studietilbod om film, populærkultur og livstolking. Dette er eit vidareutdanningstilbod retta mot trusopplærarar, prestar og kateketar. I samband med studiet er det også oppretta ei ressurside på Facebook med filmtips og aktuelle ressursar, som eit tilbod til alle som er interessert i møtepunkt mellom kyrkje, film og populærkultur.



c) Endringar i strategiar og tiltak

Det er ikkje gjort vedtak om endringar i strategiar og tiltak for kultursatsinga i Møre. Arbeidet med kystpilegrimsleia blei eit nytt fokus i 2011, og bispedømerådet har vedteke å følgje opp dette arbeidet i 2012.

For 2011 blir det no rapportert etter nytt rapporteringsskjema utarbeidd av Kyrkjerådet. Slik skjemaet er utforma er det tiltak der bispekontoret er direkte involvert det kan rapporterast på, sidan det ikkje ligg føre nokon oversikt over søknader om økonomisk støtte, søkt sum og tildelt sum, kompetansehevande tiltak, tal på resultat av spisskompetiltak eller nye samarbeidstiltak mellom kyrkjelydar og kulturlivet elles i bispedømmet. Indikatorar frå andre felt det blir rapportert på er for ein stor del basert på statistisk talmateriale som gjer eit representativt bilete frå heile bispedømmet. Vi tilrår at det blir arbeidd for at det same må gjelde for kulturfeltet ved at indikatorane på kulturfeltet baserer seg på talmateriale som blir innarbeida i kyrkjelydane sin årsstatistikk.



3 PRESTETENESTA

Kap 1591 Prestetenesta

3.1 Prestedekning og rekruttering

MÅL	«Bevilgningene til prestetjenesten har som mål at alle menigheter i Den norske kirke skal ha fast geistlig betjening, slik at tjenesten er nærværende i alle lokalsamfunn. Alle sokn skal være betjent av en eller flere prester.» (FAD)
STYRINGSPARAMETER	<ul style="list-style-type: none"> - Prestedekning - Rekruttering
RESULTATINDIKATORAR	<ul style="list-style-type: none"> - Tal kyrkjemedlemer pr prestestilling - Tal ledige prestestillingar i bispedømet - Tal nytilsette prestar, ikkje medrekna overgang frå anna stilling - Tal prestar som har slutta i stilling før fylte 67 år, ikkje medrekna overgang til anna prestestilling - Eigendefinerte resultatindikatorar

a) Måloppnåing

Tabell 3.1.1:

Dei mest relevante resultatindikatorane som departementet spesifikt bed om rapport på

Resultatindikator	2010	2011
Kyrkjemedl pr fast prestestilling	2920	2797
Tal ubesette prestestillingar i bispedømet *	0	3
Tal nytilsette prestar, ikkje medrekna overgang frå anna stilling	3	8
Tal prestar som har slutta i stilling før fylte 67 år, ikkje medrekna overgang til anna prestestilling	6	1

78 presteårsverk i sokna

Rammene for bemanning er ikkje endra siste året. Møre bispedømeråd har ei grunnbemanning av kyrkjelydsprestar og prostar på 78 årsverk (Vedtak i 2006.) Innafor ramma av 78 stillingar er det høve til også å ha prostiprestar eller seniorprestar som gjer teneste som kyrkjelydsprest. Desse prestane går inn ved stillingsledighet eller ved lengre sjukepermisjonar. Pr 30.11.2011 var det i praksis 5 prestar i tilsvarande 4,3 årsverk som gjorde slik teneste. I tillegg kjem det 1,2 stillingar som fengselsprest.

Avtalte årsverk og utvikling i årsverk

«Årsverk» blir rekna pr 30.11. og er å forstå som alle faste og mellombels

prestestillingar som har hatt utgifter i november måned. Faste tilsette som var ute i sjukefråver eller andre permisjonar er med. Pensjonistar som arbeider i stilling på pensjonistvilkår er inkludert og er særleg angitt. Utviklinga ser slik ut:

Tabell 3.1.2:

Utvikling i årsverk

	2008	2009	2010	2011	Endring 2010-2011	Pensjonistar 2010	Pensjonistar 2011
Møre	79	78	75	78	3	7	13
Alle bisped	1340	1291	1316	1335	19	104	159

«Årsverk faste prestestillingar» blir rekna pr 30.11. og er å forstå som talet på faste prestestillingar, målt i årsverk. Omfattar ikkje mellombels tilsette – heller ikkje pensjonistar. Utviklinga ser slik ut:

Tabell 3.1.3:

Utvikling i faste prestestillingar, målt i årsverk

	2008	2009	2010	2011	Endring 2010-2011
Møre	71	73	68	74	6
Alle bisped	1256	1257	1266	1276	10

Utviklinga i årsverk i Møre viser eit stabilt nivå, med unnatak av 2010. 2011 er bispedømet på det nivå som var frå -08 og 09. Fleire stillingar blir betent av pensjonistar, noko som seier noko om ressurs- og rekrutterings-situasjonen.

Generell vurdering rekruttering

Møre bispedøme har over år utvikla ein særleg utfordrande rekrutterings-situasjon. Dette har kulminert i 2010 og 2011 som på enkelte område viser ei forbetring. Dette blir underbygd gjennom desse tabellane:

Tabell 3.1.4:

Rekrutteringssituasjonen i bispedømet

	Ubesette stillingar		Andel utlyst fleire gonger		Andel mellombels stillingar		Mellombels stillingar inkl pensjonistar	
	2010	2011	2010	2011	2010	2011	2010	2011
Møre	0	3	40 %	25 %	9 %	7 %	17 %	20 %
Alle bispedøme	29	31	19 %	19 %	8 %	8 %	14 %	18 %

Ubesette stillingar

«Ubesette stillingar i bispedømet» er av departementet definert som at det ikkje var tilsett prest i fast stilling, til tross for at stillinga har vore forsøkt utlyst og tilsettingsprosessen er avslutta. Pr 30.11.11 hadde vi 3 slike stillingar.

Tabell 3.1.5:

Utlysingar og tilsetjingar i bispedømet i 2010 og 2011

	Utlyste stillingar		Tal på søknader		Søknader pr utlysing		Stil. utlyste fleire gonger		Tilsetjingar	
	2010	2011	2010	2011	2010	2011	2010	2011	2010	2011
Møre	15	8	47	16	3,1	2	6	2	6	10
Alle bispedøme	115	134	570	683	5	5,1	22	26	92	112

Pr 30.11.2011 har Møre bispedøme 3 ubesette stillingar. 8 stillingar har vore utlyste og to av desse utlyste fleire gonger. Det kjem i snitt 2 søknader pr utlysing i Møre mot 5,1 i snitt for landet. Dette er ein nedgang med i snitt 1,1 søknad frå 2010.

Det vart rekruttert inn 13 «nye» prestar til bispedøma i 2011. 5 av desse kom til Møre. 6 prestar har gått ut av stilling, derav 4 med overgang til anna statleg prestestilling (3 av desse i Møre) og 1 med alderspensjon og 1 med avtalefesta pensjon.

Fleire prosti melder om vanskar med å dekkje behovet for ei forsvarleg presteteneste. Ein vanskeleg vikarsituasjon fører til meir arbeid på dei faste prestane, noko som er ein av dei største slitasjefaktorane. At bispedømet i tillegg grunna økonomien i sterakare grad må halde att på bruken av vikarar er også ei kritisk utvikling for dei faste prestane.

Tabell 3.1.6:

Alderssamansetting i presteskapet

	40 år og under	41-55 år	56 år og over
Møre	20,5%	32,1%	47,4%
Totalt	22%	38%	41%

Møre har høg gjennomsnittsalder, men andel under 40 har gått opp og andel over 56 år har gått ned siste året. Av dei som er i den eldste aldersklassa er 45% over 62 år. Vi ventar at om lag 4% av dei tilsette i snitt vil nå pensjonsalder i 2012 og kvart av dei neste 5 åra.

Tabell 3.1.7:

Kostnadsutvikling i bruk av vikarressursar 2003 – 2011 (i 1000 kr)
(NB: Tabellen viser registrerte tal, men sidan mange vikarbehov vert løyste ved intern vikariering, viser tala ikkje dei reelle tilhøva.)

	2011	2010	2009	2008	2007	2006
Ledig stilling	2524	1218	1958	2 112	1 699	988
Ferie	86	12	75	156	255	223
Sjukdom	828	329	317	991	946	364
Studiepermisjon	100	37		158	174	454
Andre fridagar	24	13	38	48	60	41
Fødsel mm	46	0	0	308	98	11
Perm utan løn	15	490	1 461	1 545	1 164	1 038
Sum	3623	2099	4 338	5 318	4 396	3 123

Prestedekning pr. kyrkjemedlem og sokn

Pr 31.12.11 hadde Den norske kyrkja i Møre bispedøme 219.011 medlemmer. Medlemsprosenten er på 87,6. Møre bispedøme har 97 sokn og det er 112 kyrkjer i alminneleg bruk. I snitt er det 1,24 sokn pr prest eller 0,8 prestar pr sokn. Møre bispedøme har 5,7 % av alle kyrkjemedlemmer i landet og 5,76 % av alle prestar målt i årsverk. Det faktiske talet på kyrkjemedlemmer pr prest etter tenesteområde varierer sterkt ut frå demografi, historie og ein krevjande geografi.

Tabell 3.1.8:

Prestedekning

	Prestar	Kyrkje- Medlemmer	Medlemmer pr prest	Endring 2010 2011	Sokn	Prestar pr sokn
Møre	78	219 011	2797	-123	98	0,8
Alle bisped	1316	3 835 477	2 915	-62	1275	1,0

Det er fleire prestar pr innbyggjar i kommunar med lavt folketal enn i meir folkerike område, frå 900 medlemmer til nærare 7200 medlemmer pr prest. Om vi ser på ny fordeling og at ingen prestar lengre er å rekne som «eine-prest» varierer prestedekninga noko mindre.

Variasjonane i prestedekning er og knytt til variasjonen mellom store og ganske mange små sokn, som svarer til frå 3-4 sokn pr prest opp til 3-4 prestar pr sokn

Geografien i vårt bispedøme er ei stor tilleggsutfordring for mange prestar, med til dels tungvinte og tidkrevjande reiser. Møre og Romsdal er eit ferjefylke med 27 ferjesamband og 4 hurtigbåtsamband.

Merknad:

Det neste avsnittet er ikkje korrigert med tall frå 2011, men gjengir status for 2010. For tabell 3.1.10 manglar det statistisk materiale for 2011.

Gudsteneste- tilbod

I Møre bispedøme blir det i gjennomsnitt halde 16 gudstenester pr 1000 medlemmer pr år. Dette er 2 fleire enn gjennomsnittet i landet utanfor Oslo. Det blir gjennomført 39 kyrkjelege handlingar pr 1000 medlemmer pr år. Dette er 4 fleire enn landet utanfor Oslo. Også her er variasjonane store frå kommune til kommune, frå 8 – 45 gudstenester pr 1000 medlemmer pr år og 34 – 56 kyrkjelege handlingar pr 1000 medlemmer pr år. På søn- og helgedagar deltar kvar innbyggjar 1,6 gonger på gudsteneste pr år. Det er 0,3 fleire enn i gjennomsnitt i landet utanfor Oslo.

Tabell 3.1.9:

Årsverk prestestillingar oppretta og korleis ulike tenester i snitt fordeler seg på desse:

	2011	2010	2009	2008	2007	2006
Årsverk prestar	79,2	79,2	79,4	82,2	82,8	82,3
Årsverk faste prestestillingar – fengselsprester	78	78	78	81,35	78	77
Gudstenester pr prest	49,7	52,4	52,8	51,1	53,7	54,5
Gudstenester søn/heilagdag pr prest	40,6	42,9	43,6	41,6	43,1	43,4
Gravferder pr prest	28,4	29,5	30,1	29,1	27,9	29
Dåp pr prest	33,1	35,3	36,3	35,0	36,2	37,3
Vigsler pr prest	7,6	8,3	8,5	8,2	8,3	9
Konfirmantar pr prest	35,6	36	37,2	35,2	37,2	37,5

Tabell 3.1.10:

Utdrag frå kyrkjelydsstatistikken for Møre bispedøme 2004 – 2010

	2010	2009	2008	2007	2006
1. Totalt tal på gudstenester og gudstenestlege møte	3933	4085	4 118	4 154	4 222
Deltakarar i 1	416532	437609	430 325	456 404	459 660
2. Totalt tal på gudstenester berre søn- og heilagdag	3219	3350	3 401	3 380	3 470
Deltakarar i 2 (Snitt pr gudsteneste)	344499 107	357704	360 920 (106)	376 166 (111)	388 425 (112)
Gravferder	2248	2301	2 349	2 370	2 207
Døypte	2621	2751	2 829	2 845	2 688
Døypte i % av tal på fødde		91,9	103,3	101,2	102
Vigsler	605	648	661	666	587
Kyrkjelege vigsler i % av inngåtte giftarmål				62,4	62,4
Konfirmerte	28485	2811	2 901	2 861	2 970
Konfirmerte i % av 15 åringar		82,6	83,9	84	83,7

b) Vurdering av måloppnåinga, omtale av gjennomførte tiltak

Vi vurderer situasjonen slik at det framleis er regelmessige gudstenester i alle kyrkjelydane, og at gravferd, vigsel og dåp blir forretta når medlemene treng det og vanlegvis innan rimeleg tid. Tidvis melder prostane at dei har vanskar særleg grunna ledige stillingar og manglande vikarressurs. Revisjon av gudstenesteforordningane for Møre er på det næraste fullført i 2011.

53 forordna gudstenester pr. prest pr. år

Møre treng fleire preste- stillingar



Snitttalet på forordna gudstenester pr prest for søn- og helgedager er sett til 45 pr år. I tillegg kjem gudstenester på kvardagar og utanom søn- og helgedagar slik at det for kvar prest i snitt er forordna 53 gudstenester pr år. Dei gamle ordningane hadde som måltal 60 gudstenester pr år pr prest. I Ålesund og Hustad fengsel er det no til saman 1,2 fengselspreststillingar. Det er frå fengsla gitt uttrykk for ønske om meir presteneste.

Det skjer ei utvikling i kravet til kvalitet, både når det gjeld gjennomføring av gudstenester og oppfølging av individuelle behov knytte til dåp, konfirmasjon, gravferd og vigslar. Gudstenestereforma vil forsterke kravet til kvalitet gjennom auka medverknad. Vi meiner at talet på prestestillingar er for lågt til å møte dei forventningane som både kyrkjemedlemene og kyrkjeleiinga har til kvaliteten i prestenesta.

c) Endringar i strategiar og tiltak

Møre bispedøme må gå inn i ein prosess der ein finn fram til eit stillingsnivå som er forsvarleg i forhold til dei økonomiske rammene. Ein har no rekna seg fram til at ein må redusere utgiftene til prestestillingar tilsvarande 4 heile stillingar for 2012. Bispedømerådet har gjort vedtak om at grunnmønsteret for prestenesta med heimel i vedtaket frå 2006 på lengre sikt enn 2012 også må reduserast tilsvarande 4 stillingar. Rekner ein 78 faste stillingar, vil talet verte 74 stillingar. Vi har jamnleg ledige prestestillingar i Møre, men det betyr ikkje at vi utan vidare kan «stengje» desse for ny tilsetjing. Bispedømet har ei desentralisert busetting med lokalkyrkjelydar som har krav på kyrkja sine tenester. Dersom stilling blir halden ledig, vil det mange stader føre til uforsvarleg reduksjon av prestenesta fordi geografiske tilhøve hindrer gode og tilgjengelege vikarordningar. Dessutan kan vikarløysingane bli svært kostbare. Ved å ta vekk stillingar må vi difor nøye vurdere både risikoen det er å ta presteneste vekk frå eit lokalsamfunn og risikoen for at vikarutgiftene likevel kan bli høge. Vi må også tenkje rekruttering, - og vurdere både folketalet og heilskapen i stillingane samstundes.

Det gjenstår enda eit arbeid med å gjera tydeleg kva for mynde og rammevilkår den enkelte prost har for leiing av prestenesta.

I nokre tilfelle blir biskopen beden om å redusere talet på forordna gudstenester på grunn av økonomien i lokalkyrkjelyden. Tidlegare vart det gjort reduksjonar i gudstenestetel for ei periode. No tenkjer biskopen at med ny gudstenesteforordning står fast gudstenestetallet fast og at eventuelle avvik må meldast som messefall.

Møre bispedøme vil ha ein bevisst rekrutteringspolitikk for å sikre at ein får motiverte, nye prestar. Vegne til presteneste, studentkontaktar, intervju og innhenting av referansar ved tilsetjingar er viktige element. Det er også viktig for bispedømet å motivere fleire kvinner til teneste som kyrkjelydsprest og i leiarstillingar.

3.2 Lokalt tilpassa presteteneste

MÅL	«Prestetjenesten skal være tilpasset lokale forhold og utfordringer.» (FAD)
STYRINGSPARAMETER	- Tjenestefordeling
RESULTATINDIKATORAR	- Tal prestar som har eit spesialisert ansvarsområde innan prostiet - Eigendefinerte resultatindikatorar

a) Måloppnåing

Møre bispedøme har som mål at det skal vere full bemanning i alle faste prestestillingar og at vikarbehov skal stettast. Ny organisering av prestetenesta har til intensjon å jamne ut fordelinga av ressursar og belastninga for kvar enkelt prest. Endringane fører og til at prestane er i større arbeidsområde ved at prostiet er tenestedistrikt og at det skal bli lagt til rette for betre arbeidsdeling, lokale tilpassingar og spesialisering.

Tabell 3.2.1:

Fordeling av prestestillingane på stillingskategoriar

	Prost/ Domprost		Sokneprest		Kapellan		Prosti- prest		Senior- prest		Spesial- prest		Andre stillinger		Totalt	
	2010	2011	2010	2011	2010	2011	2010	2011	2010	2011	2010	2011	2010	2011		
Møre	6	6	54	57	4	6	2	1	2	2	2	2	0	0	70	74
Totalt for landet	97	99	841	841	170	178	82	74	35	31	68	66	24		1315	1289

Med full bemanning i 78 stillingar er det 9 % proster mot dekning ved årsskiftet på 6,4 %, 91 % kyrkjelydsprestar i fast stilling, ved årsskiftet 80,8%. Tallet på prostiprester og seniorprester tilsvarer 6,4% regnet mot full bemanning, disse har eit lausare tilhøve til ein kyrkjelyd og dekker opp vakansar og permisjonar.

Tabell 3.2.2:

Tal på prestar med spesialisert teneste

	Tal
Møre	3
Totalt	43

Få prestar i Møre har spesialisert teneste. To er knytta opp mot fengsla og ein mot prostiet.

b) Vurdering av måloppnåinga, omtale av gjennomførte tiltak

Omorganiseringa av proste- og prestetenesta la til rette for ei jamnare fordeling av tenestene. Med oppretting av nye arbeidsområde skulle ein ideelt sett kunne spore endra arbeidsvanar prestane imellom. Det ser frå vår ståstad ut til at mønstera for arbeid ikkje har endra seg vesentleg, og at langt dei fleste held seg til dei gamle, geografiske einingane og ikkje utjamnar tenesta slik ein kunne ønske.

Vi ser at nye prestar går inn i gamle mønster fordi dei prestane som er i området frå før, held på gamle ordningar. Vi meiner dette delvis har å gjere med tungvinte geografi- og kommunikasjonsforhold, men og haldningar i presteskapet.

Gudstenester og kyrkjelege handlingar får stor merksemd, og mange prestar møter også ut over dette høge forventningar om å delta i kyrkjelyden sitt arbeid. Det ligg i dette også ei haldning i kyrkjelyden om at «presten er vår». Det er lita forståing for at «presten vår» også kan eller skal gjere teneste andre stader.

I 2008 vart det sett i verk ordning med sekretærhjelp for alle prostane. Det er sett av midlar til 40 % stilling for kvar av prostane. I tillegg er det på bispedømenivået øymerka ei 60 % stilling som fagleg administrativ ressurs for prostane. Ordninga med administrativ hjelp for prostar på prosti- og bispedømenivå er finansiert gjennom dei tildelte midlane i samband med prostereforma.

c) Endringar i strategiar og tiltak

Ei nyare analyse av tilhøvet mellom folketal, talet på gudstenester, gudstenestestader og kasualiaprosentar fordelt på einskildprestar, viser til dels stor skilnader i belastning. For å komme vidare er det nødvendig å tenke gjennom meir omfattande tiltak for utjamning av prestetenesta. Dei nye forordningane er meint å vere eit ledd i dette og vi må se effekten over noe tid.

Det er ønskjeleg å spørje meir aktivt etter faginteresser ved nyrekruttering og hos dei prestane vi allereie har tilsett. Likeeins å gi meir merksemd frå biskop og prost til dei som gir uttrykk for interesse for å spesialisert teneste. Møre biskop meiner at føresetnadene for å setje prestar inn i ei spesialisert teneste i liten grad er til stades når prestedekninga ikkje er betre enn no.

*Sekretærhjelp
for prostar*



Sidan 2006 har prestane i eit prosti i hovudsak gjort teneste i eit mindre geografisk område kalla samarbeidsområde. Dette har bidratt til at prestane har ein god relasjon til soknet og lokal stab. Større grad av fleksibilitet og spesialisert teneste er utfordrande og krever verktøy for samhandling og arbeidsplanlegging prestane imellom og i høve til prosten. Innkjøp av «prostemodulen» - eit databassert planleggingsverktøy er gjort, men setter krav til kunnskap og aktiv bruk.

Det bør bli vurdert om enkelte prestar, som ledd i livsfasetilpassing og spesialisert teneste, også kan påleggjast administrative gjeremål for prosten. Det kan difor bli vurdert om administrativ ressurs kan ha bispedømerådet som arbeidsgjevar og ikkje fellesrådet som no. Ein annan grunn for å ta attende dei administrative ressursane er omsynet til budsjettbalansen i Møre sitt prestekapittel. Slik stoda er no er det trong for å senke lønnsutgiftane tilsvarande 400% på lang sikt. Dette krev omrokking i stillingsstrukturen og reduksjon i den prestelege tenesteproduksjonen på mellom 2 og 4 stillingar.

Ordninga med administrativ hjelp for prostar bør evaluerast med tanke på ressurs og kompetanse.

3.3 Kompetanseutvikling

MÅL

«Prestene skal stimuleres til å utvikle kunnskaper, ferdigheter, holdninger og motivasjon for tjenesten.» (FAD)

STYRINGSPARAMETER

- Etter- og vidareutdanning


RESULTATINDIKATORAR

- Tal studiedagar pr prest
- Eigendefinerte resultatindikatorar

a) Måloppnåing

Møre bispedøme sitt kompetanseutviklingsarbeid er organisert gjennom det partssamansette Regionalt etterutdanningsutval, REU. Biskopen er, som øvste leiar for prestenesta i bispedømet, medlem i utvalet. REU legg strategiar for etterutdanninga og gjer tilrådingar om studiepermisjonar og stipend. Til grunn for arbeidet på dette resultatområdet ligg «Kompetanseutviklingsplan for prestar i Møre bispedøme» (2006).

Resultatindikatorar for kompetanseutviklingsarbeidet for prestar i Møre i 2011, samanliknande oppstillingar:



Tabell 3.3.1:

Uttak av studiepermisjonsdagar

År	2008	2009	2010	2011
Dagar studiepermisjon med løn	498	345	719	364
Derav til kvinner	0	39	121	97

Tabell 3.3.2:

Tal prestar som har hatt studiepermisjon med løn

År	2008	2009	2010	2011
Tal prestar	16	21	59	20
Derav kvinner	0	3	7	4

Tabell 3.3.3:

Studiepermisjon, gjennomsnitt dagar pr fast tilsett prest

År	2008	2009	2010	2011
Dagar pr prest	5,9	4,3	10,3	4,7
År	2008	2009	2010	2011
Prosentdel av virkedagane	2,3	1,7	4,0	1,3

Tabell 3.3.4:

Utdelte stipendmidlar

År	2008	2009	2010	2011
Sum	107 600	106 600	132 000	157 300

Tallet for 2011 viser det samla talet for stipendutbetalingar gjennom REU.

I snitt 4,7 studie- dagar pr. prest

b) Vurdering av måloppnåinga, omtale av gjennomførte tiltak

Det totale talet på studiepermisjonsdagar gjekk opp frå 345 dagar i 2009 til 719 dagar i 2010 og har gått ned att til 364 i 2011. Auken i 2010 skyldast to studieturar for prestar til Israel og til Roma. Desse to studiereisene utgjorde vel 380 studiedagar og må reknast utanom det vanlige nivået.

I sin kompetanseutviklingsplan har Møre bispedøme sett eit ambisiøst mål for uttak av studiepermisjonsdagar: Eit snitt på 8,75 studiedagar pr prest. Tala viser at vi har langt igjen før måloppnåing. Kva grunnar som ligg bak dei låge tala veit vi ikkje.

Ein lågare prosentdel kvinner i kompetanseutviklingsprogrammet må sjåast i samanheng med talet på kvinneprestar i Møre.

Det er eit mål at om lag 75 % av studiedagane skal nyttast til etterutdanning som gjev studiepoeng. I 2010 var 88 % av studiedagane studiepoeng-gjevande, mot 78 % i 2009. Dette året noterer vi at berre 50% av studiedeltakarane hadde poenggjevande studier. Sannsynligvis er dette tilfeldig. Ein lyt måle denne prosenten mot det som vert gjeldande i 2012.

c) Endringar i strategiar og tiltak

Det er ikkje behov for grunnleggjande omleggingar på feltet kompetanseutvikling. Ein har likevel gjort vedtak i REU om ein lettare revisjon av Kompetanseutviklingsplanen. Dette handlar mest om tilpassing til det ny mastergradsstudiet.

Kompetansekartet fungerer ennå ikkje helt etter sin hensikt, av di ikkje alle prestar har registrert seg. Det vert arbeidd vidare med saka.

Oppdatering av kompetanseut- viklingsplanen

3.4 Kjønnfordeling i presteskaper

MÅL	Bispedømmerådet skal motivere og legge til rette for at flere kvinner skal søke tjeneste som menighetsprester og innta lederstillinger i kirken.
STYRINGSPARAMETRE	Det er et mål å oppnå likestilling og jevn kjønnsfordeling innen presteskaper. I tillegg skal det arbeides for å få flere kvinner til å innta lederstillinger i kirken. Andel kvinner i faste prestestillinger vil være en viktig styringsparameter og indikator for måloppnåelsen i bispedømmene. Det samme gjelder for andel kvinner i stillinger som prost og biskop.
RESULTATINDIKATORER	Følgende resultatindikatorer er angitt for bispedømmenes årsrapportering om prestedekningen i 2011: Andel kvinner i faste prestestillinger, jf. tabell 4.1. Andel kvinner i stillinger som prost og biskop, jf. figur 4.4.

a) Måloppnåing

Møre bispedømme har som mål å leggje til rette for å oppnå god fordeling mellom kvinner og menn gjennom rekruttering, fokus på løn og arbeidsvilkår og gjennom å forstå dei særskilde utfordringane kvinner kan oppleve i prestetenesta.

Kvinneandel i presteskaper, 2008-2011

Tabell 3.4.1:

Tal prestar og kvinnelege prester for perioden 2008 til 2011 i Møre bispedømme og totalt for heile landet.

	2008		2009		2010		2011		
	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Andel kvinner
Møre	84	8	73	11	70	10	74	12	16,2 %
Totalt heile landet	1404	316	1276	328	1292	338	1289	341	26,5 %
Prosentandel heile landet		22,5 %		22,5 %		26,2 %		26,5 %	

Tala er rekna ut frå alle prestestillingar pr 30.11.11. Prosentdel kvinner i Møre er 16,3, som er auke på nærare 2 prosentpoeng frå 2010 og i overkant av 6,3 prosentpoeng fra 2008. På landsplan har kvinnene sin del auka frå 22,5 % til 26,2 % i perioden 2008 til 2011. Det faktiske talet på kvinner i alle bispedøma er auka frå 316 til 341 i same periode. Denne auken blir også Møre til del, særleg om vi ser på auken siste året. Dei prosentvise endringane i Møre kan og forklarast med variasjon i talet på prestestillingar. Det faktiske talet på kvinner i Møre er aukande.

Fleire kvinner i presteteneste

I Møre er det pr 30.11.2011 tilsett kvinner i 12 av dei 74 prestestillingane. Av dei 6 prostane på registreringstidspunktet er det ei kvinne, ei nedgang

på ein frå 2010. I gruppa «biskop og prostar» er kvinneandelen 28,6%, ei nedgang frå 2010 frå 42,9 %.

Rekruttering

Tabell 3.4.2:


Søknadar og tilsettingar - kvinneandel

	Søknader			Tilsettingar		
	Antall søknader	Herav fra kvinner	Kvinneandel	Antall tilsettingar	Herav kvinner	Kvinneandel
Møre	16	4	25 %	10	3	30 %
SUM	688	231	34 %	112	41	37 %

I 2011 var det 10 tilsettingar og i tre av desse vart det tilsett kvinner. Tilsaman kom det 16 søknadar og fire av desse kom frå kvinner. Tre av dei fire kvinnelege søkjarane vart tilsett. Både talet på søknadar totalt og talet på søknadar frå kvinner er svak (sjå eigen vurdering av rekruttering)

Tabell 3.4.3


Kvinneandel i 2011 og endring i kvinneandel fra 2004-2011



Her kan vi sjå Møre samanlikna med dei andre bispedøma. Auken fra 2004 – 2011 er vist i prosentpoeng (blå stolpe). Kvinneandelen i 2011 (raud stolpe) er oppgitt i prosent. Andelen kvinner i presteskapaet i alle bispedøma har auka over tid, men aukeinga ser ut til å flate ut noe. Møre er av dei bispedøma som tradisjonelt har hatt ein låg kvinneandel og er også blant dei bispedømma med liten vekst i kvinneandelen i perioden 2004 til 2011. Slik sett skil Møre bispedøme seg ut i 2011 i høve til trenden dei seinare åra. Førebels er det eit for svakt grunnlag å trekke konklusjonar, men det er grunn til å glede seg og vona dette er byrgjinga på ei ny utvikling i Møre. Om vi ser tilbake, er Møre i dag der snittet av dei andre bispedøma var for om lag 8 år sida.

Tabell 3.4.4

Kvinneandel i prosent 1998-2011 – heile landet



Fråtrede kvinner og menn, 2010 og 2011


Fig 3.4.5

Fratredene kvinner og menn 2010 og 2011 etter årsak (parantes= sum alle bispedøma)

	Annen preste- stilling	Annen kirkelig stilling	Ikke-kirkelig og annet/ukjent	Alderspensjon og AFP	Sum avgang
Kvinner 2010	(14)	(2)	(7)	2 (3)	2 (26)
Kvinner 2011	2 (10)	(3)	(10)	(6)	2 (29)
Menn 2010	6 (17)	1 (4)	2 (12)	3 (29)	12 (62)
Menn 2011	2 (20)	(7)	(13)	2 (27)	4 (67)

Tabellen over viser årsakene til fråtrede frå prestestillingar i Møre fordelt på kjønn (tal i parantes totalt alle bispedøma). Fråtrede i stilling er høgare for menn enn for kvinner, noko som har si årsak i kjønnsfordelinga i bispedømet. I 2011 gjekk fire over i anna prestestilling internt i bispedømet. To av desse var kvinner. På landsplan er alderspensjon ein langt vanlegare årsak til fråtrede blant menn (47 pst. av fratredene) enn blant kvinner (12 pst.). Tendensen er slik også i Møre, sjølv om realtala i 2010 og 2011 ikkje gir godt nok grunnlag for ein slik konklusjon. Ut frå alderssammansetninga vil ein kunne venta ei auke i kvinneprestandelen framover.

Alderssammensetning kvinner og menn



Tabellen på forrige side viser alderssammensetjinga i presteskapet, fordelt etter kjønn. Mens nærme 80 pst. av kvinnene er 55 år og yngre, gjeld det tilsvarende berre vel halvparten av mennene. Fordelinga er omtrent uendat frå 2010, men aldersgruppa 56 år og eldre for menn har auka med 2 prosentpoeng i perioden. Tabellen tilseier at det også i årene framover vil vere langt fleire menn enn kvinner som slutar på grunn av alder. Det er difor grunn til å tro at kvinnedelen i presteskapet framleis vil auke i åra fremover.

b) Vurdering av måloppnåinga, omtale av gjennomførte tiltak

Framleis har vi etter måten få kvinner i prestestilling i Møre. Kvinner blir jamt over tekne godt imot, sjølv der ein kunne ha venta teologisk motstand. Det er no berre eit av dei sju prostia som ikkje har tilsett ordinerte kvinner.

Aktiv kvinneprest- rekruttering

Møre bispedømeråd har vanlegvis med ei formulering i kunngjeringstekstane der ein oppmodar kvinner til å søkje. Bispedømet ønskjer kvinnelege prester velkomne, og vi vil i rekrutteringsprosessane aktivt oppfordre kvinner til å søkje preste- og prostestillingar. I vurderinga av søkjarane vert det å vere kvinne sett på som ein fordel. Søkargrunnlaget har i 2011 vore avgrensa og det har i liten grad vore aktuelt å vurdere kjønnspektivet. Kvinner er tilsett i 3 av 4 stillingar som det er søkt på.

I etterutdanningspolitikken vår er det lagt inn målsetjingar som særleg rettar seg mot kvinner. Møre bispedømeråd har og gjort vedtak om ein livsfasepolitisk plan som skal gjere det mogleg å leggje til rette for at kvinnelege prestar kan bli rekrutterte og bli ståande i presteteneste.

I dei seinare utlysingane er det og lagt inn formuleringar om at det vil bli lagt til rette for gode arbeidsforhold for ektepar der begge er prestar i teneste.

I tillegg har kvinner i presteteneste i Møre vore eit tema for møte med studentar og lærarar i utdaningsinstitusjonane. Det er og laga eit eige hefte som presenterer temaet. Av økonomiske årsaker er heftet ikkje trykt, men ligg på heimesida vår. Vi viser elles til kapittel 4.3, med utdrag frå heftet.

Det er i 2011 etablert eit eige kvinnenettverk

c) Endringar i strategiar og tiltak

Det er framleis for få kvinner i presteteneste i Møre. Tilgang eller avgang får difor stor innverknad på statistikken slik 2011 viser. I 2012 er det venta at Møre får omlag 10 tilsetjingssaker. Vi vil halde fast på haldningar og tiltak som er nemnde ovanfor.

Vi ser at nettverk og vener spiller ei rolle for val av tenestestad. Fleire kvinner vil kunne verke positivt på at endå fleire kvinner søker presteteneste.

Det kan tenkjast at Møre si positive haldning til kvinner i presteteneste er for lite kjend og bør gjerast tydelegare både internt i bispedømet og utanfor. Slik sett er biskopen og prostane viktige rollemodellar.

I rekrutteringssituasjonen kan det vere aktuelt med moderat kjønnskvote-ring. Dette er ikkje tidlegare vore vurdert.

3.5 Arbeidsmiljø og arbeidstid

MÅL

«Prestene skal sikres gode arbeidsvilkår.»
(FAD)

STYRINGSPARAMETER

- Arbeidsmiljø og arbeidstid

RESULTATINDIKATORAR

- Gjennomsnittleg tal fridagar pr prest som ikkje er tekne ut
- Sjukefråvær

a) Måloppnåing

Målet er å gjere prestetenesta i Møre attraktiv slik at rekrutteringa aukar, at prestane er motiverte og kjenner arbeidslyst og glede i tenesta dei står i, og at prestane gjennomgåande ser på prestetenesta som eit livslangt kall.

Følgjande oppstillingar viser situasjonen i Møre på to viktige variablar:

Tabell 3.5.1:

Alle typer sjukefråvær 2011 målt i tal på gjennomsnittleg fråværsdagar pr prest

	Totalt			Legemeldt			Eigenmeldt		
	Kv	Menn	Alle	Kv	Menn	Alle	Kv	Menn	Alle
Møre	23,0	14,2	15,6	22,6	13,6	15,1	0,3	0,5	0,5
Alle bispedøme	15	8,6	10,3	14,2	8,2	9,8	0,8	0,4	0,5

Tabell 3.5.2:

Totalt sjukefråvær 2010 og 2011

	2010		2011	
	Dager pr prest	Prosent	Dager pr prest	Prosent
Møre	8,6	3,7	15,6	6,7
Alle bispedøme	10,2	4,4	10,4	4,4

Tabell 3.5.3:

Totalt og legemeldt sjukefråvæer 2011 for menn og kvinner målt i prosent

	Totalt	Legemeldt		
	Alle	Kvinner	Menn	Alle
Møre	6,7	9,7	5,9	6,5
Alle bispedøme	4,4	6,2	3,5	4,2

Auka sjukefråver

Det totale sjukefråværet i Møre i 2011 var 6,7 % mot 3,7 % i 2010. Målt i gjennomsnittleg sjukedagar pr. prest inneber dette ein auke frå 8,6 dagar i 2010 til 15,6 dagar i 2011. Altså nærare ei dobling av sjukefråværet på eit år. I 2010 låg Møre 0,7 prosentpoeng under landsgjennomsnittet, medan vi i 2011 ligg 2,3 prosentpoeng over landsgjennomsnittet. Det legemeldte sjukefråveret steig i Møre frå 3,4% i 2010 til 6,5% i 2011.

Tabell 3.5.4:

Gjennomsnittleg tal på feriedagar som er overførte og fridagar som ikkje er tekne ut pr 30.11.2011

	Feriedagar til gode 30.11		Fridagar som ikkje er tekne ut pr 30.11	
	2010	2011	2010	2011
Møre	4,1	3,1	1,9	1,3
Snitt for landet	3,2	3,4	2,7	3,0

Talet på feriedagar og fridagar som ikkje er tatt ut har gått ned og Møre ligger under snittet i høve til dei andre bispedøma.

b) Vurdering av måloppnåinga, omtale av gjennomførte tiltak

Det legemelde sjukfråveret steig frå 3,4% i 2010 til 6,5% i 2011. Det er sjukefråveret over 8 veker som står for heile auken. Faktisk har det legemeldte korttidsfråveret under 14 dagar gått ned frå 2010 til 2011, og representerer berre 0,3% av dei 6,5%. Av totalt 1126 sjukmeldingsdagar i Møre bispedøme, står langtidsfråveret over 8 veker for 748 av desse. Totalt egnemeldte og legemelde sjukedagar under 16 kalenderdagar står for 83 dagar, omtrent ein dag pr. prest. Ut frå desse tala er det ingen grunn til å dramatisere den store auken i sjukefråveret. Det er i alle fall ikkje uttrykk for ei generell utvikling. Samstundes vert det avgjerande at dei som er langtidssjukmeldt frå den oppfølginga dei treng.

RAMU-rapportane frå prostane viser at langtidssjukmelde prestar i Møre får oppfølging i samsvar med IA-avtalen.

Det har vore fokus på avvikling av ferie og fridagar, og det kan tenkast at vi no ser resultat av dette. I alle fall har talet på fridagar som ikkje er uttekne ved årsslutt gått ned slik tabell 3.5.4 viser. Likeeins ser vi at talet på feriedagar til gode pr. 30.11. er gått ned.

Arbeidsplassundersøking

Alle prosti har eit IT-basert verktøy for arbeidsplanlegging og melding av fråver (prostemodulen). Det er ei utfordring at nokre ikkje har tatt prostemodulen i bruk. I tillegg har staten sitt løns- og personalsystem blitt utvikla slik at bispedømekontoret har betre oversyn over fråver. Bättre rutinar for gjensidig rapportering mellom bispedømekontor og prostar har ført til betre oversyn over manglande uttak av ferie og feriedagar.

Det er gjennomført arbeidsplassundersøking for prestar og på bispedømekontoret. Det er fokus på oppfølging av arbeidsplassundersøkinga og generelt arbeidsmiljø for dei tilsette. Det er system for melding av avvik, kritikkverdige forhold og handtering av konflikter.

Det er inngått ny avtale om inkluderande arbeidsliv (IA), jfr kap 5.1, men det gjenstår å realisere handlingsplanen.

c) Endringar i strategiar og tiltak

Vi meldte i 2010 trong for å utarbeide ei personalpolitisk handlingsplan. Det gjenstår å handsame planen i partsammensette fora. Vi har dette året av ulike grunnar ikkje hatt kapasitet til å ferdigstille og må nok vente med dette enno ei stund.

Ved utgangen av året var vi godt i gang med å utarbeide ein ny handlingsplan knytt til fornya IA-avtale. Planen vil bli realisert og har viktige element for å sikre lavere sjukefråver, tilrettelegging og tiltak i samband med livsfasepolitikk.

Auka motivasjon for å ta i bruk «prostemodulen», eit IT-verktøy for arbeidsplanlegging og melding om fråvær.

Rutinane som skal sikre melding om kritikkverdige forhold (varsling), bør og gi høve til å sende melding til ekstern einstans.

3.6 Leiing og samvirke i prestetenesta

MÅL	«Bispedømmerådet, biskopen og prostene skal sørge for god ledelse av prestetjenesten og tilrettelegge for et positivt samvirke mellom prestene, kirkens valgte organer og andre kirkelig tilsatte.» (FAD)
STYRINGSPARAMETER	- Leiing
RESULTATINDIKATORAR	- Kor mange av prestane som har hatt medarbeidarsamtale - Eigendefinerte resultatindikatorar

To ledige proste- embete

a) Måloppnåing

Biskopen leier prestetenesta gjennom prostane. I Møre er det sju prosteembete. I delar av 2011 var to av prostia vart betent gjennom fungering.

Prosten i Søre Sunnmøre fekk avskil i nåde frå sommaren 2011. Biskopen har sett inn naboprost som fungerande inntil ny prost kjem. Ved årskiftet er stillinga lyst ut og prosess for utnemning av ny prost i gang.

Prosten i Ytre Nordmøre fekk avskil i nåde frå 1. mai. Biskopen valde også i dette tilfellet å nytte naboprost til leiing av prostiet. Ved årsskiftet er stilling lyst ut og prosess for utnemning av ny prost i gang.

I begge desse høva valde biskopen ei løysing med styring av naboprost fordi krevjande situasjonar kalla på fast og erfaren leiing frå prosten si side. Dei to prostane som har hatt dobbel funksjon, har gjeve uttrykk for at dette har vore ei særleg krevjande arbeidsperiode.

Talet på medarbeidarsamtalar som er rapportert er på 38%, ei nedgang frå 2010. Vi har grunn til å tru at det ligg føre ei underrapportering.

Introduksjonsplan for nytilsette prestar er revidert.

Når det gjeld *leiing av prestetenesta generelt*, vil vi for 2011 peike på to ansvarsområde som har tydeleg fokus i prostane sine årsrapportar til Møre biskop. Prostane sine årsrapportar er redigerte etter hovudpunkta i «Tjenesteordning for proster.»

Utdrag frå tre prosterapportar dette året kan gje eit bilete av korleis leiarskapet er erfart og handtert. Først gjev vi eit innblikk i korleis *den administrative arbeidsgjevardelen* er erfart. Prostane er i årsrapporteringa bedne om å svare på følgjande spørsmålsstilling relatert til tenesteordninga §4 :

- «Redegjør for hvordan prosten har bidratt til ivaretagelse av arbeidsgivers styringsrett (biskop og bispedømmeråd), og redegjør for prostens egen utøvelse av et overordnet ansvar for prestene i prostiet.»

Ein prost skriv:

«Som mellomleiar har prosten ansvar for eit breitt fagfelt både av administrative og faglege oppgåver. Sjølve hovudsaka, å leie prestenesta i prostiet, krev meir enn dei fleste av oss har vore i stand til å prioritere og følgje opp. Vi er ikkje forberedt på å vere sjefssekretærar i prostiet. Difor blir vi så avhengige av kompetent sekretærhjelp eller konsulent. Det er urovekkande å sjå kor tilfeldig dette er tilrettelagt og praktisert etter den store reforma i 2004.....»

Ein annan prost skriv:

«Prostens rolle som arbeidsgiver har ikke blitt endret i 2011. Men rollen går seg mer til år for år..... Ellers kjenner jeg nå at lederrollen 'sitter' bedre hos både meg selv, og at prestene verdsetter tydelige og forskjellige roller og funksjoner mellom prost og øvrige prester..... Jeg er helt avhengig av prestens saksbehandler til å lede prestatjenesten. Men for å kunne fungere godt som prost er det nødvendig å utvide stillingen. Ettersom oppgavene vokser trenger prosten en tyngre og tyngre funksjon ved siden av seg.»

En tredje prost skriv:

«Gjennom året blir det avholdt flere møter mellom prosten og prostiets prester. På disse møtene har arbeidsgivers styringsrett blitt tatt opp flere ganger. Blant annet har beredskapsplan og vikaravtalen blitt gjennomgått og diskutert sammen med arbeids-, ferie-, og fritidsbestemmelser. Andre spørsmål som berører arbeidsgivers styringsrett er også tatt opp og diskutert. Jeg opplever at det nå er en god forståelse for prestens rolle på arbeidsgiversiden.»

Dernest gjev vi eit innblikk i korleis den pastorale delen av leiarskapet er erfart.

Prostane er bedne om å svare på følgjande spørsmålsstilling relatert til Tjenesteordning for proster §5 første ledd:

- «Redegjør for prestens oppgave med å se til hvordan Ord og sakramenter forvaltes av prestene i prostiet, og hvordan prestene utfører dette.»

Ein prost skriv:

«Eg har også lagt vekt på å besøke kyrkjelydane for å oppleve dei lokale søndagsgudstenestene. Det er ein god måte å bli kjent med menighetslivet på, og gir ei viss innsikt både i dåpspraksis og nattverdforvaltning. Og korleis prestane forkynner og formidlar evangeliet. Eg brukar å sende ei skriftleg tilbakemelding til prestane med takk og oppmuntring i tenesta. Det jamne tilsynet av forvaltninga av Ord og sakrament skjer gjennom dei vekentlege tekstsamtalane og gudstenesteverkstader før dei store høgtidene..... I den årlege medarbeidersamtalen kjem vi også inn på korleis prestane opplever rolla si som åndelege leiarar.»



Ein annan prost skriv:

«I 2011 har jeg ikke kunnet satse på å bruke tid spesifikt på å være tilstede på gudstjenester for å observere og gi tilbakemelding til prestene. Men jeg har begynt 2012 bedre og har allerede vært til stede ved en gudstjeneste med dette for øyet. Etter gudstjenesten gjorde jeg meg et par refleksjoner: - Den nye liturgireformen presiserer litt sterkere enn tidligere at det skal brukes godkjent tekstbok også når preteksten leses. - Mer vekt på arbeid med forbønnen bør oppmuntres og vil virke fornyende på gudstjenestene. Her bør det skje et paradigmeskifte hos prestene. - Salmevalget er ofte tradisjonelt og preget av 'plankekjøring'.»

Nok en prost skriv:

«Ved å være sammen med prestene i gudstjenesten, får jeg en fin innsikt i hvordan Ord og sakramenter forvaltes. Dette har gitt grunnlag for mange fine og konstruktive samtaler til ettertanke og refleksjon. Spørsmål rundt forvaltning av Ord og sakramenter har også vært tema på prostens møte med prestene. På grunn av store avstander i prostiet, er det vanskelig å samle alle prestene til jevnlig tekstgjennomgørelser.»

Vi vel å ikkje å kommentere innhaldet i desse utsegnene. Dei talar for seg om leiarskapets utlike sider og utfordringar.

Prostetenesta er krevjande

b) Vurdering av måloppnåinga, omtale av gjennomførte tiltak

Det går fram av vitnemåla ovanfor, og det vi elles sit med av rapportar og inntrykk frå prostane, at leiing av prostetenesta er, naudsynt og kastar positivt av seg, men er også krevjande. Vi ser at prostane er trengde tidsmessig og vert sletne mellom dei administrative gjeremåla og dei pastorale utfordringane. Eit aktivt administrativt leiarskap krev gode administrative kunnskapar og ressursar. Dette gjeld prosten sjølv og sekretæranne. Eit kvalifisert pastoralt leiarskap treng tid til merksemd og samtaler med prestane og fordrar at prostane sjølve kan ta vare på eigen pastoral kompetanse og utvikle denne. I sum ser vi at dette krev langt meir enn den ideale 50% prost og sekretærressursen som det tilgjenge på no. Dei fleste prostane marker tydeleg at prosteramma er for trong, når ein også skal ha utøvd menighetsprestjeneste som del av tenestekvardagen.

c) Endringar i strategiar og tiltak


Vi har også i 2011 hatt eit møte i bispedømerådet der prostane er med og får dele sine erfaringar. Vi vil halde fram med eit slikt fellesmøte i året.

Det har gjennom ein del år vore vektlagt at prostane leverer ein gjennomarbeid årsrapport til biskopen. Årsrapporteringa har ein mal som er knytt opp til «Tjenesteordning for proster,» jf dei to eksempla ovanfor. Det er meininga at vi no utvidar den årlege samtalen med prosten frå ein medarbeidersamtale åleine til også å omfatte ein styringsdialog med biskopen. Prosten sin årsrapport vert då eit viktig grunnlag for refleksjon kring alle sidene ved prosten si personlege teneste og det vidare i arbeidet prostiet på alle dei nivå som prosten forvalter.

Det kan se ut som om medarbeidarsamtalar ikkje blir brukt som det leiingsverktøy det er meint å vere. Vi avventar SAMU sitt arbeid med å utvikle medarbeidarsamtalen og vil implementere når det ligg føre.

I 2012 vil prostane verte tatt med i eit leiarutviklingskurs i regi av Menighetsfakultet under temaet: «Læringsledelse for proster».

Vi ser fram til ei evaluering av prostereformen.



4 MØRE I 2011 – FRIDYKK I TRE TEMA

I denne delen av årsrapporten vil vi sjå nærare på tre tema som det i 2011 har blitt arbeidd mykje med.

- Revisjon av tal og ordning for forordna gudstenester
- Kyrkja si rolle i regionalt og lokalt beredskapsarbeid
- Kvinner i presteteneste i Møre

Med «fridykk» meiner vi å gå litt nærare inn på dei situasjonar vi har møtt og dei erfaringane vi har gjort, utan å gå for langt i djupna. Vi er og litt friare i forma enn i dei andre delane av årsrapporten.

4.1 Revisjon av gudstenestetallet i alle kyrkjer og gudstenestestader

Styringssamtalen med departementet i 2010 fokuserte m.a. på biskopens gjennomgang av gudstenesteforordningane: «I den forbindelse vil det også kunne arbeides med å utvikle en strategi for gudstjenester utenom søn- og helligdager.» Det nedanforståande er ei samla framstilling av gjennomgangen og tilrettelegging av eit vidare arbeid med strategi for kvardagsgudstener.

Møre bispedømme sette seg som mål for 2010-2011 å revidere gudstenestetala i alle sokn i Møre bispedøme.

Målformuleringa var grunnleggjande med følgjande:

1. Mange av gudstenestetala i Møre var gamle og burde vurderast på nytt.
2. Ny ordning for hovudgudsteneste ville gi sokneråda mynde til å vedta retningslinjer for hovudgudstenestene i kyrkjelydens årsplan, etter biskopens forordning (Jf Allmenne føresegner).

Den generelle situasjonen og gudstenestereforma tvinga fram revisjonen. Det var viktig at revisjonsarbeidet var ferdig før sokna skulle arbeide med retningslinjer for hovudgudstenestene i lokal grunnordning. To perspektiv var grunnleggjande: a) Alle sokn må i størst mogleg grad oppretthalde det regelmessige gudstenestelivet. b) Prestane skal ikkje halde færre gudstener enn før.

Der ferie- og fritidsreglementet og økonomisk ressursituasjon fører til færre gudstener på søn- og helgedagar, skal resterande gudstener haldast på kvardagar.

Ei arbeidsgruppe samansett av ein prost, ei kyrkjeverje, stiftsleiarane for PF og TeoLogane og avdelingsleiar for kyrkjeliv arbeidde i nær forståing med biskopen. Tre omsyn vart lagt til grunn i arbeidet med utforming av utrekningsgrunnlaget for gudstenestet og framlegg til arbeidsprosess:

1. Regelmessige gudstenester i alle sokn.
2. Gode arbeidstilhøve for alle tilsette.
3. Økonomisk dekning i bispedømeråd og fellesråd.

Biskopen sende ut ei høyring til alle prostar, prestar og kyrkjeverjer 23.06.2010. Desse vart bedne om å ta stilling til grunnlaget for talet på gudstenester pr prest pr år i 100 % stilling og å uttale seg om framlegg til arbeidsprosess i alle sokn.

Grunnlaget for talet på hovudgudstenester pr prest pr år i 100 % stilling:

- 45 gudstenester lagde til 45 arbeidssøn- og helgedagar pr år. (Ein tok utgangspunkt i 62 søn- og helgedagar pr år, tok vekk 11 helgefri, 5 feriehelger og 1 helgefri ved kompetanseheving).
- + 1 - 5 ekstra gudstenester på «store» arbeidssøndagar. (Når mange søkjer til kyrkje, t.d. julaftan, konfirmasjonar, ved aldersbestemte gudstenester osb. er det rimeleg å forventa at presten forrettar ekstra gudstene).
- + 6 - 12 gudstenester pr år på arbeidskvardagar for barn/unge/eldre eller i samband med trusopplæringa på ettermiddag og kveldstid.

Framlegget til lokal arbeidsprosess:

Februar 2011: Prosten inviterer sokneråda i kvart samarbeidsområde til felles møte med prestar og kyrkjeverje. Sokna sine behov/ønske for gudstenester skal drøftast. Prosten leier møtet. Referat skal følgje saka vidare.
Februar 2011: Sokneprest(ar) og kyrkjeverje utarbeider framlegg til tal / fordeling pr sokn med utgangspunkt i sokna sine behov / presteressurs / fellesrådsøkonomi.

Mars 2011: Fellesrådet handsamar framlegget med fokus på økonomi. Referat følgjer saka vidare til handsaming i sokneråd / soknemøte / prost / biskop.

Mars 2011: Soknerådet handsamar fellesrådsframlegget.

April 2011: Soknerådet fremjar sak for soknemøtet som gir uttale.

April 2011: Framlegg og uttale går tenesteveg. Prosten vurderer framlegg til tal / fordeling pr sokn i høve til regelmessige gudstenester i sokna og i høve til presteressurs i samarbeidsområdet og tenestedistriktet. Følgjande dokument følgjer saka frå prosten: a) Notat fellesmøtet, b) Framlegg til forordning, c) Fellesrådshandsaming, d) Soknerådshandsaming, e) Soknemøtefråsegn.

April – oktober 2011: Biskopen forordnar og melder tilbake til partane.

Det var høg svarprosent på høyringa innan fristen 01.10.2010. Arbeidsgruppa og ein rådgjevar ved bispedømekontoret analyserte svara og konkluderte: «Svara viser semje om framlegget til den lokale arbeidsprosessen og gir i hovudsak tilslutning til framlegget for utrekning av gudstenestetal.»

Undervegs fekk prostemøtet, bispedømmerådsmøtet og prestekonventet saka til drøfting. Prostar og kyrkjevevjer, samla til fellesmøte i november 2010, gav innspel til biskopens brev om revisjon. Bispedømmerådet tok brevet frå biskopen om revisjon til vitande 17.12.2010 og biskopen sende startbrevet til partane 21.12.2010.

Temaet var fast post på dei fleste prostemøte i 2011. Sentrale tema var oppfølging av arbeidet lokalt og grunnlaget for prostens vurdering.

Våren 2011 utarbeidde alle sokneråd i samråd med fellesråd, tilsette og soknemøta under prostens leiing forslag til nye forordningar. Prostane vurderte materialet og vart i den samanheng invitert til drøfting på bispedømmekontoret. Stiftsdirektør og økonomisjef deltok i første del av desse drøftingane for avklaring av det økonomiske grunnlaget. Prost og avdelingsleiar for kyrkjeliv ferdigstilte deretter framlegga til biskopeleg forordning.

To prosti har fått forordningar med verknad frå 01.01.2012. 4 prosti har fått forordningar med verknad frå 01.09.2012. Det siste prostiet er i ferd med å få sine forordningar i februar 2012 med verknad frå 01.09.2012.

Bispedømmerådet vart orientert om arbeidet i møte 09.12.2011.

Dei nye forordningane gir eit betre tilpassa gudstenestetilbod i høve til dei tre omsyna som vart lagt til grunn ved starten av arbeidet.

Det gjenstår å sjå om effekten av dei nye gudstenesteforordningane er stabiliserande på gudstenestetala. Fallande tendens for samla gudstenestetale på søn- og helgedagar i Møre, kan dels grunnleggjast med spenningsfeltet mellom gamle forordningar og nye arbeidstidsrammer og dels grunnleggjast med spenningsfeltet mellom stram økonomi og svekka presteteneste. Forordningane har større påverknad på det første spenningsfeltet enn det sistnemnte.

Den ustabile og svakt fallande tendensen for samla gudstenestetale på kvardagar i Møre, kan ha sin grunn i «Andre gudstenester`s» uforpliktande status i kyrkjelydens årsplan. Dette vil vonleg betre seg når mange av desse gudstenestene blir forordna hovudgudstenester. Forordning av kvardagsgudstenester er grunnlaget for vidare arbeid med strategi for kvardagsgudstenester.

Arbeidet er samla i eit Excelark med sentrale faktorar. Kombinasjonar av talmaterialet gir t.d oversikt over: Tilhøvet mellom dagens tal og nye forordningar, tilhøvet mellom stillingsressursar og forordna gudstenester, gjennomsnittleg gudstenestetale pr prest i tenesteområdet, tilhøvet mellom bispedømmerådets ressursvedtak i 2006 og dagens ressursituasjon. I dei nye forordningane ligg gjennomsnittleg gudstenestetale pr prest på pluss / minus 55 i landkommunene. Gudstenestetale i byane bør vur-

derast noko annleis og ligg noko lågare. Det gjeld t.d. i høve til rimeleg gudstenestefrekvens, høge tal for dåp og gravferder og store kull i trusopp-læringa.

Revisjonsarbeidet har gitt biskop, prostar, stiftsdirektør og bispedømmeråd god oversikt. Denne kan med fordel nyttast til leining av prestetenesta generelt og gudstenestearbeidet spesielt. Det vil voneleg på sikt leie til meir stabile gudstenestetal. Oversikten kan òg nyttast til betre tilpassa bruk av stillingsressursane.

Gudstenestetalet i 2010 på søn- og helgedagar var 3219. Nye forordningstal for søn- og helgedagar er 3123, med atterhald av små justeringar i det siste prostiet. Det er ein nedgang på 96, men forordningane er no tilpassa dagens arbeidstidsrammer og bør dermed framstå meir stabilt i 2013.

Forordningstal for ekstra gudsteneste på søn- og helgedagar er 106, med atterhald av små justeringar i det siste prostiet. Dette forordningstalet kompenserer tapet av 96 hovudgudstenester på søn- og helgedag.

Gudstenestetalet i 2010 utanom søn- og helgedag var 714. Forordningstal for hovudgudstenester på kvardagar er 645, med atterhald av små justeringar i det siste prostiet. Det er ein nedgang i gudstenester utanom søn- og helg på 69, men forordningane er no tilpassa dagens arbeidstidsrammer og bør dermed framstå meir stabilt i 2013. Desse 645 er òg ein reell auke i forordna hovudgudstenester utanom søn- og helgedagar.

Grunntanken med arbeidet var følgjande: Prestane skal ikkje halde færre gudstenester enn før. Det ser ut til at denne føresetnaden i hovudsak er innfridd.

Nye gudstenesteforordningar krev god innføring. Nye forordningstal skal no leggest inn i retningslinene til kyrkjelydane sine årsplanar i lokal grunnordning. Stabile og gode tradisjonar skal framleis byggast til beste for kyrkjelydane. Fallande frammøtetetal er utfordra av våre grunnleggande verdiar, stadeigengjering, involvering og fleksibilitet.

4.2 Kyrkja si rolle i regionalt og lokalt beredskapsarbeid

I tida etter 22. juli 2011 vart det klart for alle at Den norske kyrkja har ei viktig rolle i den norske kriseberedskapen. Når det utenkelige vart verkeleg og heile Noreg kjende seg ramma, var det mange som søkte til kyrkjene for å klage, tenne lys, sørge og legge ned blommar i medkjense med dei som hadde mist sine næraste.

Moldejazz dagen etter 22. juli:
Sørgeparade gjennom Stor-
gata på veg til Molde domkirke.
Foto: Romsdals Budstikke.



Kontakt med etterlatte og omsorg for sørgande høyrer med til kyrkja si kjerneverksemd. Dette er noko av det prestar og diakonar brukar mykje tid på gjennom året. Sorg som ikkje kjem i avisa kan vere minst like tung og svart som den sorga heile Noreg tek del i. Det veit prestar og diakonar godt frå utallige vandringar i sorga sitt golde landskap saman med pårørande.

Sjølv om det er store lokale skilnader vert kyrkja sine folk både etterspurt og brukt av andre offentlige etatar og verksemdar i lokalt krisearbeid. Beredskapsordninga for prestar gjer at politi og helsevesen har klare forventningar til kyrkja med omsyn til formidling av dødsbodskep og samarbeid i oppfølginga etter ulykker og tragiske hendingar. Sidan denne tenesta er godtgjort vert det også forventa at tenesta held ein høg fagleg standard. Desse forventningane kan vere uttalte eller ikkje – og kan like gjerne komme frå kyrkja og presten sjølv, som frå politi og helsevesen.

Etter at kommunane vart pålagt å ha eigne kriseomsorgsgrupper vert desse gruppene stadig oftare kalla ut ved alvorlige trafikkulykker, sjølv mord og andre plutselige dødsfall. Det er vanlig at lokal prest eller diakon er med i slike grupper, og sjølv om presten ikkje har beredskapsvakt vert han eller ho gjerne involvert gjennom den kommunale kriseomsorgsgruppa dersom gruppa først vert sett i funksjon. Nokre få stader i Møre er det til og med presten som er leiar for kriseomsorgsgruppa.

Ved Sunnmøre politidistrikt sin operasjonssentral i Ålesund er det med åra etablert ein tett og god dialog mellom politiet og dei tre LRS-prestane på Sunnmøre. Dette gode samarbeidet er av stor verdi når det først skjer ei stor ulykke med mange involverte. Men dette gode samarbeidet inneber også at politiet er kjappare til å kontakte kyrkja gjennom LRS-prestane. Terskelen for å kalle inn LRS-prest er dermed vesentlig senka med åra, og LRS-prestane på Sunnmøre vert stadig oftare brukt og innkalla til operasjonssentralen for å ta del i arbeidet retta mot pårørande.

Operasjonssentralen

3. oktober kl. 00.09 blir LRS-prest Knut Bjune innkalla til operasjonssentralen i Ålesund. Bjune har lang fartstid som LRS-prest og er godt kjent med tenestemennen på operasjonssentralen. Derfor er terskelen låg til å ringe presten. På politihuset får han informasjon og oppdatering om at ein fritidsbåt er havarert like nord for Ålesund og tre personar er sakna. Fram til kl. 06.00 vert han sitjande på politihuset med ansvar for å nå tak i prestar og diakonar som kan ta hand om varslinga både på Sunnmøre og i andre politidistrikt. Knut Bjune sin inngåande kjennskap til kvar einskild prest og diakon i distriktet vert avgjerande for å ivareta pårørende på ein god måte. Nokon vil vel sei at LRS-presten her påtek seg oppgåver og ansvar som politiet burde løyst sjølv. Operasjonssentralen i Ålesund seier dei manglar detaljkunnskap om kyrkja sine folk ute i distrikta til dette og treng LRS-presten si hjelp. Det som er heilt sikkert er at den gode dialogen mellom LRS-prestane på Sunnmøre og Operasjonssentralen i Ålesund har bygd ein verdifull relasjon mellom politiet og kyrkja. Samstundes er det grunn til stadig å trekke opp grenselinene mellom politiet og kyrkja sitt ansvar i beredskapsarbeidet.

Klare forventningar er oftast lettare å leve med enn dei uklare og diffuse forventningane. Derfor er det nyttig med jamne mellomrom å tydeliggjere og avklare forventningane til kyrkja og til kyrkjelig personell i det lokale og regionale beredskaps-arbeidet. Forventningane må tilpassast dei lokale ressursane, og kyrkja sjølv må vere med å definere kva som er realistisk og kva vi kan innfri og ikkje. Det må vere mogleg både for den einskilde prest og for Den norske kyrkja lokalt og regionalt å sette grenser for vår medverknad i kriseberedskapsarbeidet.

Dialog og grenser

Den gode dialogen mellom kyrkja og samfunnsinstitusjonane kan nyttast både til effektivt samarbeid og til klargjering av grenser. Dialog mellom biskop og fylkesmann, mellom stabssjef og LRS-prestar, og mellom sokneprest/diakon og kommunal leiar for beredskap og kriseomsorg. Det er i «fredstid» den gode dialogen vert skapt – den som legg grunnlaget for eit godt og effektivt samarbeid i krisetider. Mykje talar for at sokneprest/diakon bør ha regelmessige (årlige?) møte med kriseleiinga i kommunen, for å avklare forventningar, lytte til kvarandre og for å drøfte realistiske case. I Møre var det allereie før 22. juli etablert halvårlige samarbeidsmøter mellom fylkesmann og biskop (med stabar). Dermed gjekk det heller ikkje mange timane etter terrortragedien vart kjent, før det var telefonkontakt mellom biskop Ingeborg Midttømme og fylkesmann Lodve Solholm.

Det blir vurdert å opprette ei eiga epostadresse knytta til bispedøme-kontoret – beredskap.more@kirken.no der ein kan gi informasjon og få tilbakemeldingar i samband med pågåande, akutte beredskapsaker og der ein ikkje kan vente til neste dag. Adressa kan nyttast av lokale, kyrkjelege organ og tilsette, men og av regionale organ som fylkesmannen og andre bispedømekontor eller sentrale organ som Kyrkjerådet eller departemen-

tet. Ein ser for seg at fleire ved kontoret vert kobla opp til denne adressa synkronisert pr mobil slik at ein er sikra at e-postar som kjem inn til denne adressa vert lest innan kort tid. I kyrkjelydane er det naturleg at kyrkjeverje, prestar og diakon har tilgang til denne epostadressa. Misbruk av epostadressa til anna enn akutt og pågåande krisearbeid skal påtalast, slik at ein ikkje ropar «ulv, ulv» utan grunn.

Ordninga med prestane sin plass i den kommunale omsorgsberedskapen og kriseteam bør formaliserast i større grad. I dag er forventingane uavklara.

4.3 Kvinner i presteteneste i Møre «Kven kan seia nei til Gud?»

(Utdrag frå heftet produsert i samband med Møre-markeringa av «Vårt kall» - 50 år med kvinner i presteteneste)



Foto: Anita Grønland

Ingeborg Midttømme – biskop

50 år har gått siden vår kirke ordinerte den første kvinnen til presteteneste. Hun ble en døråpner for mange. I Møre bispedømmes korte historie har så langt 28 ordinerte kvinner gjort tjeneste. Erfaringen viser at kvinner gjennom sin presteteneste har bidratt til at forkynnelsen og de bilder som hentes frem fra Bibelen, har fått flere fasetter.

Mange mennesker forteller at det har blitt større rom for deres tro ved at kvinners erfaringer blir reflektert på en annen måte gjennom forkynnelse og sjelesorg. Flere våger å si at de hører hjemme i kirken, og at de har fått hjelp til å tro.

Samtidig er det krevende for flere at vår kirke har endret seg og nå så tydelig løfter frem verdien av at både kvinner og menn kan være prester. For meg som biskop er det viktig å møte alle med respekt for det synet de har. Det handler ikke om kvinnesyn, men om bibelsyn. Det er gledelig å erfare den fleksibilitet og det gode samarbeidet som skjer lokalt i menighetene her i Møre så evangeliet kan lyde i hele sin bredde.



Foto: Almenning

Ruth Glæstad – pensjonert sokneprest

– Møre har nok urettmessig ord på seg for å vere ein vanskeleg stad for kvinner å vere prest. Og eg ser ikkje bort frå at mine erfaringar har bidrege til det. Men mine erfaringar høyrer historia til, kvinner er ynskte overalt no. Media er nok meir interesserte i å fortelje om strid og vanskar og motstand enn det motsette. Positiv informasjon og personlege møte med kvinner i presteteneste i Møre er kanskje ein veg å gå.

– Kvinnene har vore med og skapt balanse i kyrkja gjennom å vere synlege og aktive også i funksjonen som prest. Ingen kjem bort frå at kvin-

nene er halvparten - og delvis meir - i kyrkja. Eg har nokre gonger hatt ei kjensle av at gjerne godt vaksne kvinner føler at dei har fått styrkt sitt verd gjennom mi presteteneste, dei har retta nakken og sagt «Yes, we can!». Kvinne- og morsperspektivet på liv og kvardag må også inn i måten kyrkja lever og forkynner på. Vi har gjort kyrkja meir «heil og sann» når vi har gått i spora av kvinnene i Jesu fylgje og nærleik og i spora av kvinnene opp gjennom historia.



Foto: Privat

Carina Møller – sokneprest Averøy

– Hvis vi sier at «her har vi et gubbevelde», så betakker vel unge kvinner seg fra å søke hit. Å være eneste prest i soknet og den faglige ensomheten er også en utfordring. Kanskje er det løsningen for noen å tilhøre en større stab, selv om det kan føre til lengre avstand til den geografiske menigheten? Jeg håper at andre kvinner skal legge merke til at det faktisk finnes noen av oss, og at det ikke virker avskrekkende.

– *Hva kan du som kvinne spesielt tilføre prestetjeneste?*

– Å være kvinne. Halvparten av oss er jo jenter eller kvinner, og å ha prester av begge kjønn betyr i seg selv veldig mye for våre menigheter. Mennesker er forskjellige og kjønn er forskjellige. Vi prester har forskjellige perspektiver med oss inn i hele prestetjenesten, enten det er teksttolkning og preken eller sorgarbeid.



Foto: Mørenytt

Mathias Austrheim – sokeprest i Ørsta

– Eg tvila aldri på kvinners genuine kall til teneste i Guds rike. Grunnen var enkel: sterke og profilerte kvinner hadde prega livet mitt opp gjennom barneåra. Bestemor mi var ein lesar, ei misjonskvinne og ein forbedar som sette spor.

Eg voks opp med sterke og levande misjonsforeiningar. Det var kvinner som brann for misjonen og Guds rike, fortel sokneprest i Ørsta, Matias Austrheim



Foto: Romsdals Budstikke

Inger Marie Jakobsen Sylte – prest i trusopplæring og John Sylte sokneprest

– *Hva kan du som kvinne spesielt tilføre prestetjenesten?*

– Jeg tror kanskje andre kvinner kan ha lettere for å snakke med en kvinnelig prest. Det er min erfaring. I et mannsdominert bispedømme som Møre er det spesielt viktig med kvinnelige røster, for å opprettholde en viss balanse.

– *Hva kan du som mann spesielt tilføre prestetjenesten?*

